



UTLENDINGSNEMNDA
UNE

ÅRSRAPPORT 2019



Innhald

I Leiarrapport.....	5
II Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
2.1 Samfunnsoppdrag og mål	7
2.2 Organisasjon.....	8
2.3 Utvalde hovudtal.....	10
III Årets aktivitetar og resultat.....	11
3.1 Generelle tal for verksemda i 2019.....	11
3.1.1 Inkomne saker	11
3.1.2 Behandla saker	12
3.1.3 Ubehandla saker.....	16
3.1.4 Rettssaker / rettskraftige dommar.....	16
3.2 Rapportering i samsvar med tildelingsbrevet 2019 og verksemdsinstruks for UNE.....	17
3.2.1 Hovudmål 1: Få asylsøkjjarar utan behov for asyl.....	17
3.2.2 Hovudmål 2: Rask retur av personar utan lovleg opphald.....	22
3.2.3 Hovudmål 3: Få personar med opphald med feil identitet eller på feil grunnlag.....	23
3.2.4 Hovudmål 4: Kortare saksbehandlingstid i opphaldssaker	23
3.2.5 Produktivitet (R4)	26
3.2.6 Effektiviseringstiltak (R6).....	29
3.2.7 Ny leigeavtale for UNE sine kontorlokale (jf. O1 under pkt. 4.4 i tildelingsbrevet)	30
3.2.8 Ressursbruk	30
3.2.9 Barnefagleg kompetanse (R5)	31
3.2.10 Samarbeid i migrasjonsskjeda (R1)	32
3.2.11 Rapportering etter verksemdsinstruks for Utlendingsnemnda	35
3.2.12 Prosedyreavdelinga	36
3.2.13 Brukarretta kommunikasjon og anna.....	36
3.2.14 Regjeringa sin dugnad for inkludering (R9).....	37
IV Styring og kontroll i verksemda.....	39
4.1 Intern kontroll i verksemda.....	39
4.2 Ressursbruk for sakstyper	40
4.3 Samfunnstryggleik (R8)	40
4.4 Motverking av arbeidslivskriminalitet (R10)	41
4.5 Riksrevisjonssaker	41
V. Vurdering av framtidsutsiktene	42

VI. Årsrekneskap.....	43
6.1 Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2019.....	43
6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen.....	45
Vedlegg 1 til UNEs årsrapport for 2019 – oppstilling av tildelingsrapportering og artskontorrapportering.....	47
Vedlegg 2 til UNEs årsrapport for 2019 - Statistikkrapportering jf. tildelingsbrevet pkt. 9.1.....	54
1. Produserte vektall og vektallskostnad.....	54
2. Avgjøringsform.....	54
3. Andel omgjorte.....	55
4. Antall tillatelser gitt med begrensinger.....	55
5. Antall saker og saksbehandlingstid i utvisningssaker for personer som er ilagt straff, og som er borger av et land som har ratifisert tilleggsprotokollen til den europeiske overføringskonvensjonen.....	56
6. Antall saker og utfall i utvisningssaker hvor utlendingen er straffet for overtredelse av straffeloven § 257 og § 391a, jf. instruks GI-02/2013 til UDI.....	57
7. Tilbakekallssaker.....	57
8. Antall saker behandlet etter forvaltningslovens § 36	59
9. Rettsaker	60

Tabellar

Tabell 1: Nøkkeltal for årsrekneskapen dei siste tre åra	10
Tabell 2: Behandla saker fordelt på avgjerdsform	15
Tabell 3: Tal på ubehandla asylsaker dei siste tre åra.....	20
Tabell 4: Tal på ubehandla opphaldssaker dei siste tre åra	25
Tabell 5: Tal på behandla saker dei siste tre åra	26
Tabell 6: Årsverk i alt (gjennomsnitt gjennom året) dei siste tre åra.....	26
Tabell 7: Gjennomsnittleg tal på ferdigbehandla saker per årsverk for sekretariatet og nemndleiarleddet samla	27
Tabell 8: Vekting av asylsaker og opphaldssaker basert på avgjerdsform.....	27
Tabell 9: Kostnads- og vektallsproduktivitet 2017–2019.....	27

Figurar

Figur 1: Organisasjonskart UNE frå 4.11.2019	9
Figur 2: Innkomne saker 2019, totalt og fordelt på klagar og krav om omgjerding.....	11
Figur 3: Innkomne saker 2019 etter saksgruppe.....	11
Figur 4: Behandla saker 2016–2019	12
Figur 5: Behandla saker i 2019 fordelt på saksgrupper	12

Figur 6: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2019 etter saksgruppe	13
Figur 7: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2019 etter avgjerdsform	13
Figur 8: Behandla saker 2019 etter avgjerdsform	14
Figur 9: Behandla saker i nemndmøte 2019 etter saksgruppe	14
Figur 10: Omgjorde saker dei siste fire åra	15
Figur 11: Utfall av realitetsbehandla asylsaker fordelt på dei fem største nasjonalitetane	15
Figur 12: Utvikling i talet på saker og gjennomsnittleg alder på sakene gjennom 2018 og 2019	16
Figur 13: Tal på hovudforhandlingar dei siste tre åra	17
Figur 14: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandla klagesaker asyl per måned i 2019	18
Figur 15: Behandla klagesaker asyl i 2018 og 2019 etter alder på saka på det tidspunkt UNE fatta vedtak i saka	19
Figur 16: Utvikling i talet på klagesaker og gjennomsnittleg alder – klagesaker asyl 2019	19
Figur 17: Ubehandla saker per 31.12.2018 og 31.12.2019 sortert etter alder	20
Figur 18: Utvikling i talet på saker over fire og seks månader ved innkomst UNE	21
Figur 19: Behandla klagesaker asyl omfatta av kjedemål etter alder på sakene rekna frå søknadstidspunktet	21
Figur 20: Månadleg utvikling i gjennomsnittleg saksbehandlingstid på behandla utvisningssaker i 2019	22
Figur 21: Ubehandla opphaldssaker	25
Figur 22: Driftsutgifter etter art	30
Figur 23: Konsulentutgifter 2016–2019	31

I Leiar rapport

Saksinngangen er gjennom 2019 ytterlegare redusert frå om lag 8000 i 2018 til om lag 7050 i 2019. Dette var lagt til grunn, og nedbemanninga som starta i 2018, blei derfor vidareført gjennom 2019 i form av tilsetjingsstopp, til vi ved utgangen av året var på eit bemanningsnivå som er tilpassa saksinngangen.

Året 2019 har vore dominert av relativt store endringsprosessar både når det gjeld saksflyt og organisering. Med slike reduksjonar i saksinngang som vi har sett, er det ikkje tilstrekkeleg å redusere bemanninga. Vi har òg måtta endre på metodikken for saksflyt for å oppnå større fleksibilitet, og vi har gjort endringar i organisasjonskartet for å støtte den nye flyten. Nedbemanninga har medført store innsparingar på budsjettet, og i 2019 var utbetalingane til lønn 39,2 millionar kroner lågare enn i 2018 (ned frå 225,2 til 186,0 millionar kroner).

Den nye flyten og den nye organisasjonen blei sette ut i livet 4. november. Hovudtanken bak den nye saksflyten og organiseringa er å oppnå tilpassing til reduserte budsjettammer, tydelegare brukarperspektiv og større fleksibilitet for å kunne handtere svingingar i saksinngangen, både når det gjeld talet på saker og profilen på porteføljane.

Produktiviteten er noko lågare enn ønskeleg. Dette har fleire forklaringar, og eg viser til rapporten der det blir gjort greie for fleire moglege årsaksforhold rundt dette. Her vil eg likevel nemne omorganiseringa, som var nødvendig på grunn av redusert saksinngang. Det er på det rene at omlegging av saksflyt og endringar i organisasjonskartet har medført ei heilt nødvendig involvering av medarbeidarar i utviklingsarbeid på kostnad av vedtaksproduksjon. I lengda vil denne involveringa gi resultat, men omorganisering i den storleiken som vi har gjennomført no, kan ikkje straks gi resultat som kan målast i produktivetsframgang. Medarbeidarane må få tid og rom til å setje i verk ny flyt og nye samhandlingsmetodar på tvers i verksemda.

Det er all grunn til å vere fornøgd med resultatet i 2019. Når vi, for det resultatkravet som gjeld samla saksbehandlingstid for asylsaker i kjeda (dvs. saman med UDI og PU), når 79 prosent der resultatkravet var 80 prosent, er det sluppen som rår. Resultatkravet blei nådd for familiesamlingssaker og utvisingssaker.

Talet på innkomne asylsaker, inkludert krav om omgjerding, blei i 2019 redusert med 30,5 prosent samanlikna med 2018. Dette er ei veldig stor endring i arbeidsmengd på kort tid, men ho var ikkje uventa, og vi var førebudde. Redusert saksinngang gir naturlegvis utslag i talet på behandla saker, og 1774 asylsaker blei behandla i 2019, mot 3182 i 2018.

Talet på innkomne «opphaldssaker» (andre sakstypar enn asyl) blei redusert med 3,7 prosent. Talet på behandla opphaldssaker gjekk ned, frå 6506 saker i 2018 til 4832 saker i 2019.

Saksbehandlingstida gjekk ned i 2019. Saksbehandlingstida for klagar i asylsaker har hatt ein nedgang frå 170 dagar i 2018 til 144 dagar i 2019. Talet på asylsaker har også gått ned, og vi har eit trygt grunnlag for framleis låg saksbehandlingstid i 2020.

Saksbehandlingstida for klagar i opphaldssaker blei i 2019 redusert frå 89 dagar til 79 dagar. På denne sakstypen har tala auka, men ikkje i ein slik grad at det gir grunn til uro.

Talet på ubehandla saker i UNE var ved årsskiftet totalt 2088.

Vi ligg godt nok innanfor resultatkravet for saksbehandlingstid. Metodar for flyteeffektivitet og fleksibel ressursbruk i saksavviklinga blir stadig vidareutvikla og vil gi resultat.

Samarbeidet mellom UNE og dei andre verksemdene i utlendingsforvaltninga er godt. Ambisjonen for 2019 var at 80 prosent av asylsakene i utlendingskjeda skulle behandlast innan 8 månader. Dette målet blei så å seie nådd, då 79 prosent av sakene blei behandla før dei blei 8 månader gamle i kjeda. Ein god del av desse sakene var gamle allereie ved mottak i UNE, og ein ikkje uvesentleg del av sakene har vore eldre enn 8 månader allereie ved mottak i UNE. Her er det eit utviklingspotensial når det gjeld samhandling og flyt mellom UDI og UNE.

Det blei i 2019 arbeidd aktivt for å skaffe ein ny langsiktig leigeavtale for UNE med verknad frå sommaren 2020. Dette arbeidet førte dessverre ikkje fram, og eg såg meg nøydd til å utløyse ein opsjon på delar av dei lokala vi sit i i dag, tilpassa den reduserte bemanninga og det endra organisasjonskartet. Opsjonen gjeld for fem år. Med erfaringane frå forsøket som blei gjort i 2019, og med kunnskapen vi no har om utleigemarknaden for kontor- og næringslokale i Oslo, bør eit nytt arbeid med å skaffe ein langsiktig leigekontrakt bli starta allereie innan utgangen av 2021. Det var ikkje nokon ønskt situasjon for meg å bli verande i dei lokala vi har no, men samtidig var vi heldige som i det heile teke hadde ein opsjon som kunne utløysast. Vi er òg heldige når det gjeld budsjett, då husleigeutgiftene vil bli reduserte med om lag 8 millionar kroner i 2020 og om lag 25 millionar kroner ekskl. mva. i 2021. I dei lokala som UNE vil leige frå 1.8.2020, der arealet er tilpassa, er kostnadene per kvadratmeter om lag 2700 kroner i året.

Europa står framleis overfor store utfordringar på migrasjonsfeltet sjølv om tilstrøyminga til Noreg er lågare enn nokon gong. UNE har gjennom 2019 lånt ut totalt sju medarbeidarar i ulike periodar til European Asylum Support Office (EASO) for bistand i Italia og Hellas. Eit lenge planlagt prosjekt for bistand til flyt i klagebehandlinga av asylsøknader i Hellas ved bruk av EØS-midlar kom i hamn på slutten av året, og bistand til dette kan startast i første kvartal 2020.

Oslo 28.2.2020



Ingunn-Sofie Aursnes

direktør

II Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Utlendingsnemnda (UNE) er eit domstolliknande forvaltingsorgan for behandling av klagar på avslag som førsteinstansen Utlendingsdirektoratet (UDI) har gitt etter utlendingslova og statsborgarlova.

Samfunnsoppdraget til UNE:

- UNE si oppgåve som klageinstans er å etterprøve avslagsvedtak som er fatta i førsteinstansen, og som blir påklaga.
- UNE skal bidra til ei heilskapleg, effektiv, rettsikker, føreseieleg og brukarvennleg utlendingsforvaltning som brukarane har tillit til.
- UNE skal bidra til at vedtaka som blir fatta, er i tråd med internasjonale konvensjonar og norsk lov, og skal vareta rolla som lovtolkande organ.

UNE er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet (JD). UNE fungerer som eit uavhengig forvaltingsorgan når det skal fattast vedtak i klagesaker.

UNE har meir enn éin måte å fatte vedtak på. Vedtak blir fatta

- i nemndmøte med personleg frammøte
- i nemndmøte utan personleg frammøte
- av nemndleiar etter at saka er førebudd av sekretariatet¹
- i sekretariatet

Alle saker som inneheld vesentlege tvilsspørsmål som kan bli avgjerande for utfallet, blir avgjorde i nemndmøte. Vedtak i nemndmøte blir fatta kollegialt av tre personar: ein *nemndleiar* og to *nemndmedlemmer* som er lekfolk. Det er om lag 300 nemndmedlemmer. Nemndmedlemmene blir valde av Kongen i statsråd etter forslag frå det departementet som har hovudansvaret for utlendingsforvaltninga (JD), frå Utanriksdepartementet og frå Juristforbundet og humanitære organisasjonar som arbeider innanfor området asyl- og flyktningpolitikk. Nemndmedlemmene blir valde av Kongen i statsråd for fire år om gongen og kan veljast på nytt éin gong.

UNE er ein del av utlendingsforvaltninga. UNE sitt arbeid får avgjerande konsekvensar for arbeidet som blir gjort med retur ved Politiets utlendingseining (PU) og med busetjing ved Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI). Det er eit utstrekt samarbeid mellom verksemdene på sentrale område som utarbeiding av prognosar, retur, avklaring av identitet, det faglege arbeidet, IT og effektivisering av saksbehandlinga.

I tillegg til behandling av klagesaker som er mottekne frå UDI, utgjer behandling av krav om omgjerding av UNE-vedtak og arbeid med dei sakene som går vidare til rettsapparatet, ein stor del av UNE sitt kjernearbeid.

¹ Unntaksvis kan saker bli behandla av nemndleiar utan at dei er førebudde av sekretariatet. I 2019 gjaldt dette 80 saker.

2.2 Organisasjon

UNE er lokalisert i Oslo sentrum og er organisert i ei nemndleiaravdeling med 21 tilsette, eit sekretariat med fem avdelingar og eit støtteapparat med fire avdelingar: avdeling for generelle juridiske saker, avdeling for teknologi og utvikling, avdeling for økonomi og avdeling for HR. Andre funksjonar er ei kommunikasjonsavdeling og direktørstaben. UNE har også ei eiga prosedyreavdeling som etter avtale med regjeringsadvokaten prosederer ein del av dei sakene som hamnar i rettsapparatet.

Den 31.12.2019 hadde UNE totalt 250 tilsette. I alt 29 av desse var i permisjon. Gjennom 2019 har UNE hatt 229,2 årsverk når permisjonar og deltid er trekte frå. Per 31.12.2018 hadde UNE totalt 290 tilsette, og i alt 31 av dei var i full permisjon.

Ny organisering av UNE

Utlendingsfeltet har frå 2015 hatt store endringar i saksinngangen. Eit stort tal asylsøkkjarar i 2015 blei etterfølgt av låge tal åra etter. UNE hadde ein årleg saksinngang på mellom 16 000 og 21 300 saker i åra 2009 til 2014. Deretter fall tala til 13 200 i 2015, men steig igjen til nærmare 17 000 i 2016. Deretter har saksinngangen vist ein sterkt minkande tendens, til ca. 12 500 i 2017, 8000 i 2018 og 7050 i 2019.

Det lågare talet på saker har medført at UNE har måtta nedbemanne for ikkje å få overkapasitet. Også endringar i saksprofil og mengda nye saker stiller større krav til fleksibilitet i utlendingsforvaltninga, noko både UNE og andre aktørar må innrette seg etter. Etter mange år med høg saksinngang og gode moglegheiter for å leggje til rette for spesialisering innanfor bestemte saksfelt var UNE organisert i ein hierarkisk silostruktur som ikkje var tilpassa ein meir smidig måte å jobbe på.

I oktober 2017 la direktøren fram tankar om at det var behov for endring i UNE, og presenterte ein hypotese om at UNE kunne endre flyten i klagesaksbehandlinga slik at færre saker stoppa opp og unødig liggjetid blei eliminert. For brukarane av UNE-tenestene og for samfunnet medfører lang saksbehandlingstid store kostnader i tillegg til personleg belastning for ei rekkje enkeltpersonar.

Med dette som bakteppe vurderte UNE gjennom organisasjonsutviklingsprosjekta Ferden I og Ferden II korleis saksflyt og prosessar kunne optimaliserast, og kom med konkrete forslag. Forslaga omfatta òg ei endra organisering for å leggje til rette for ein meir optimal flyt av saker og informasjon, auka vektlegging av brukarperspektivet, større fleksibilitet og satsingar knytte til auka digitalisering og kjedesamarbeid.

I april 2019 blei forslag med bakgrunn i funn og tilrådingar frå Ferden-prosjekta drøfta og forhandla. Det blei avgjort at UNE skulle


- styrkje den innleiande fasen i saksbehandlinga gjennom å etablere ei ny avdeling for førebuing og saksstyring (FORS)
- omorganisere den saksførebuaende delen av kjerneverksemda ved å gå frå to avdelingar med fleire underliggjande seksjonar i kvar, til fire større saksavdelingar utan seksjonsnivå

- fjerne det nedste leiarnivået/organisasjonsnivået også i andre delar av verksemda ved å slå saman tidlegare seksjonar og setje dei saman som nye avdelingar
- etablere stab med utøvande prosesseigar for saksflyten og roller for å vareta fag, kvalitet og utvikling og støtte direktøren i koordineringa av UNE
- endre saksflyten og organiseringa rundt denne, mellom anna gjennom å innføre tverrgående lag som førande organisasjonskonsept
- gjere endringar i fellesfunksjonane som ein naturleg konsekvens av at seksjonsnivået blei fjerna, og at UNE sannsynlegvis vil fortsetje nedbemanninga ved naturleg avgang i kommande år

Implementeringsprogrammet LOS 2019 blei oppretta for å koordinere, styre og overvake innføringa av ny organisering. Programmet skulle vidare førebu UNE på å ta ansvaret for at måla blir nådde, og at gevinstane blir hausta etter implementeringa. Oppstartstidspunkt for ny organisering var 4. november 2019.

Sentralt i implementeringsarbeidet var opprettinga av FORS, som samlar funksjonar med brukarkontakt, koplar saman ulike roller med utfyllande kompetanse på saksbehandlings- og styringsområdet og eig ei totaloversikt over sakene i UNE, inkludert forventa saksløp. FORS følgjer opp sakene før dei blir tekne til behandling i lag i SAK 1-4. FORS har gjort store endringar i prosessar og arbeidsorganisering og har eit ønske om å levere betre brukaropplevingar og drive meir effektiv saksavvikling.

Ein annan viktig del av implementeringsarbeidet handla om å fastsetje nye administrative og operasjonelle linjer og strukturar, gå opp nye grenser mellom avdelingar og roller og sikre at systemtilgangar blir forvalta og endra i tråd med den nye organiseringa. Nytt organisasjonsdesign med større grad av arbeid som er på tvers i lag, kravde tydeleggjing av kva eit lag skal vere i forhold til ei avdeling, og kva rolle den lagansvarlege skal ha overfor avdelingsleiar og medarbeidar. Det er gjennomført ulike leiar- og medarbeidarutviklingstiltak og opplæring av lagansvarlege for å gi ein robust og fleksibel ny organisasjon med meir breiddekompetanse. For å få god effekt av lagarbeid og sikre nødvendig kunnskapsdeling er ein i gang med å innføre MS Teams, som er ein del av O365.



Figur 1: Organisasjonskart UNE frå 4.11.2019

Programmet har jobba tett saman med linja for å identifisere potensielle gevinstar og gevinsteigarar og leggje planar for korleis gevinstane skal realiserast. UNE undersøker kontinuerleg om dei mange små og store endringane som er innførte, fungerer etter planen, og vil evaluere og eventuelt justere endringane i løpet av 2020. UNE har òg sett i gang den resterande analysen av korleis fellesfunksjonane best kan støtte opp under kjerneverksemda både på kort og lang sikt.

Forkortingar i UNEs organisasjonskart:

TU= Avdeling for teknologi og utvikling	NLA = Nemndlederavdelingen
GJS = Avdeling for generelle juridiske saker	HR = HR-avdelingen
DOK = Avdeling for dokumentasjonsforvaltning (avviklet fra 1.2.2020)	ØKO = Økonomiavdelingen
FORS = Avdeling for forberedelse og saksstyring	KOMM = Kommunikasjonsavdelingen
SAK1-4 = Saksbehandlingsavdelinger i juridisk sekretariat	PA = Prosedyreavdelingen

2.3 Utvalde hovudtal

Nøkkeltal for årsrekneskapen 2017–2019	2017	2018	2019
Årsverk i alt*	319	270	229
Samla tildeling, post 01–21	332 150 000	327 354 000	299 776 000
Utnyttingsgrad post 01–21	98 %	97 %	94 %
Driftsutgifter	324 019 602	312 321 490	276 723 752
Lønnsdel av driftsutgifter	74 %	74 %	69 %
Lønnsutgifter per årsverk	751 489	858 743	837 957
Konsulentdel av driftsutgifter	5 %	5 %	7 %

*Årsverk i alt kan ikkje samanliknast med dei i note 2 i årsrekneskapen, då dei sistnemnde er fråtrekte sjukefråvær.

Tabell 1: Nøkkeltal for årsrekneskapen dei siste tre åra


Auken i lønnsutgifter per årsverk frå 2017 til 2018 skuldast i hovudsak bruken av sluttvederlag i samband med nedbemanningsprosessen. Lønnsutgiftene inkluderer arbeidsgivaravgift og sosiale utgifter i tillegg til pensjonspremie.

III Årets aktiviteter og resultat

3.1 Generelle tal for verksemda i 2019


3.1.1 Innkomne saker

Det har vore ein jamn nedgang i talet på innkomne saker til UNE dei siste åra, og det var ytterlegare nedgang frå 2018. UNE fekk til saman inn 7043 saker i 2019.



Figur 2: Innkomne saker 2019, totalt og fordelt på klagar og krav om omgjøring

Innkomne asylsaker har vore sterkt minkande i tal, men utgjorde framleis den største saksgruppa i 2019 med nærmare 1700 saker, følgd av arbeid/opphald og familieinnvandring.



Figur 3: Innkomne saker 2019 etter saksgruppe

Av dei mottekne sakene i 2019 var 5447 klagesaker og 1596 krav om omgjøring. Medan talet på mottekne klagesaker heldt seg på om lag same nivå som i 2018, minka talet på krav om omgjøring med 930. I 2019 utgjorde krav om omgjøring 22 prosent av sakene, mot 32 prosent i 2018.

Klagesaker og krav om omgjering

UNE tek imot og behandlar både klagesaker og krav om omgjering. **Klagesaker** er saker som tidlegare berre er behandla av UDI, det vil seie saker der UNE som klageinstans etterprøver UDI sitt vedtak. **Krav om omgjering** føreset at UNE allereie har gjort vedtak, og at klagen ikkje er teken til følgje.

3.1.2 Behandla saker

Tal på saker


UNE behandla 6606 saker i 2019, 3100 færre enn i 2018 og i samsvar med nedgangen i innkomne saker (sjå figur til høgre).

Sakene fordelte seg på 4965 klagesaker og 1632 krav om omgjering.



Figur 4: Behandla saker 2016–2019


Asylsaker var den største gruppa behandla saker, følgd av arbeid/opphald og familieinnvandring (sjå figur under).



Figur 5: Behandla saker i 2019 fordelt på saksgrupper

Saksbehandlingstid


Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for sakene UNE ferdigbehandla i 2019, var 87 dagar, ned frå 102 dagar i 2018. Figuren nedanfor viser korleis gjennomsnittet fordelte seg på ulike saksgrupper (omfattar både klagesaker og krav om omgjering).



Figur 6: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2019 etter saksgruppe

For klagesaker var snittet 91 dagar, ein nedgang frå 113 dagar i 2018, medan det for krav om omgjering var 74 dagar, som er uendra frå 2018.


Saker som blir behandla i nemndmøte, får lengre saksbehandlingstid i UNE. Dette skuldast i stor grad at sakene er meir komplekse og tek lengre tid å førebu. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for dei 320 sakene som blei behandla i nemndmøte, var 235 dagar, ned frå 272 dagar i 2018. For saker som ikkje blei behandla i nemndmøte, var gjennomsnittet 79 dagar, mot 94 dagar i 2018.



Figur 7: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2019 etter avgjerdelsesform


Avgjerdsform

2019 blei 71 prosent av sakene avgjorde av nemndleiar, og 24 prosent blei avgjorde av sekretariatet. Til saman 320 saker blei avgjorde i nemndmøte, noko som utgjorde 4,8 prosent. Dette er omtrent same prosentdel som i 2018 (4,7 prosent). Som diagrammet nedanfor viser, blir dei fleste av nemndmøtevedtaka fatta i nemnd med personleg frammøte – i 2019 213 i nemnd med personleg frammøte mot 107 i nemnd utan personleg frammøte. Ingen saker blei avgjorde i stornemnd i 2019. I 2018 blei 3 saker behandla i stornemnd.



Figur 8: Behandla saker 2019 etter avgjerdsform


Figuren under viser at det er saker om asyl (205) som oftast blir behandla i nemndmøte. Så følgjer utvisning (38 saker), familieinnvandring (27), tilbakekall av løyve (21) og arbeid/opphold (20).



Figur 9: Behandla saker i nemndmøte 2019 etter saksgruppe

Omgjering av tidlegare vedtak

I 2019 endra UNE tidlegare vedtak heilt eller delvis i 11,6 prosent av sakene mot 9,8 prosent i 2018. Figuren under viser tal på vedtak som er gjorde om dei siste 4 åra.




Figur 10: Omgjorte saker dei siste fire åra

Av saker i nemndmøte i 2019 blei over 60 prosent gjorde om. Som vi ser av tabellen nedanfor, er det tilnærma ingen forskjell på prosenten i nemndmøte med eller utan personleg frammøte.

Behandla saker fordelt på avgjerdsform 2019	Behandla saker i alt	Omgjorte saker prosentvis
Nemndmøte med personleg frammøte	213	62,9 %
Nemndmøte utan personleg frammøte	107	63,6 %
Nemndleiar etter førebuing frå sekretariatet	4642	11,6 %
Nemndleiar utan førebuing frå sekretariatet	80	0,0 %
I sekretariatet	1564	1,4 %

Tabell 2: Behandla saker fordelt på avgjerdsform

Av dei 1462 asylsakene som UNE realitetsbehandla i 2019, var 17,2 prosent omgjeringssaker. UNE behandla flest saker frå Afghanistan, dernest Iran, Irak, Eritrea og Etiopia. Figuren nedanfor viser kor mange av dei realitetsbehandla sakene frå desse nasjonalitetane som blei gjorde om (gjeld både klagar og krav om omgjering).



Figur 11: Utfall av realitetsbehandla asylsaker fordelt på dei fem største nasjonalitetane

3.1.3 Ubehandla saker

Talet på saker


Talet på ubehandla saker gjekk opp frå 1581 ved inngangen av 2019 til 2046 saker ved utgangen av året.

Dei ubehandla klagesakene ved utgangen av året fordelte seg på 379 asylsaker og 1317 andre saker. Talet på ubehandla asylsaker gjekk ned med 25 i løpet av året, og opphaldssakene (andre saker) auka med 525.

I tillegg var det 350 ubehandla krav om omgjerding (alle saksgrupper) ved årsskiftet.

Alderen på sakene

Gjennom 2018 var det ein gradvis nedgang i alderen på sakene (gjennomsnittleg tid i UNE



Figur 12: Utvikling i talet på saker og gjennomsnittleg alder på sakene gjennom 2018 og 2019

alle saker), og gjennomsnittleg alder på UNE sine saker var 102 dagar ved årsskiftet 2018/19.

Denne tendensen heldt seg fram mot sommaren 2019, slik figuren nedanfor viser. På hausten begynte alderen igjen å stige og var på 110 dagar ved årskiftet 2019/20.

3.1.4 Rettssaker / rettskraftige dommar


Når UNE stadfester eit avslag frå UDI, er det eit endeleg avslag i tråd med forvaltingslova. Det er då mogleg å saksøkje staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne UNE-vedtaket ugyldig. Avhengig av sakstype og søksmålsgrunnlag kan domstolen kjenne eit vedtak ugyldig på grunn av til dømes saksbehandlingsfeil, feil bevisvurdering, feil bruk av lova eller at vedtaket er grovt urimeleg eller uforholdsmessig.

Staten ved Utlendingsnemnda tok imot 91 rettskraftige dommar i 2019. Staten fekk medhald i 70 (77 prosent) og saksøkjaren i 21 av dommane. Tilsvarende tal for 2018 var 110 dommar, der staten fekk medhald i 81 (73,5 prosent) og saksøkjaren i 29.

UNE si vurdering av anke

Den som ikkje får medhald i ei retts sak i lågare rettsinstans, kan anke. Motivet for ein anke frå staten si side kan vere knytt til betydninga for etterfølgjande saker. UNE ankar derfor ikkje først og fremst på grunn av utfallet, men på grunn av premissane.

Figuren under viser talet på hovudforhandlingar for åra 2017–2019. Sjølv om talet gjekk noko ned frå 2018 til 2019, auka talet på dagar UNE har vore i retten. I 2019 var UNE 360 dagar i retten, mot 326 i 2018. Gjennomsnittleg tal på dagar i retten per sak var 2,3 i 2019 og 2,1 i 2018.



Figur 13: Tal på hovudforhandlingar dei siste tre åra

3.2 Rapportering i samsvar med tildelingsbrevet 2019 og verksemdsinstruks for UNE

3.2.1 Hovudmål 1: Få asylsøkjjarar utan behov for asyl

Rapportering: *UNE skal vurdere og iverksette tiltak som, på kort og lang sikt, kan bidra til å redusere antall asylsøkere som ikke har beskyttelsesbehov. Dette omfatter også flyktninger som ikke lenger har beskyttelsesbehov. UNE skal gi en kort beskrivelse av antatt effekt UNEs aktiviteter og resultater har hatt på målet.*

Gjennom kort samla saksbehandlingstid kan UNE bidra til at asylsøkjjarar utan behov for asyl raskt får avslag, og såleis leggje til rette for rask retur, noko som hjelper til med å nå dette hovudmålet. Målt frå innkomst til UNE har gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandla asylsaker blitt redusert med 26 dagar frå 2018 til 2019.

UNE prioriterte asylsaker slik at samla saksbehandlingstid i kjeda skal bli kortast mogleg. I rapporteringsmøte med departementet har UNE vist til at vi har sett oss som mål å klare å behandle saker innan 8 månader dersom saka kjem til UNE før det er gått 7 månader og saka ikkje skal

avgjerast i nemndmøte. Av dei sakene UNE fekk inn i 2019, var 493 omfatta av dette interne målet. I løpet av 2019 hadde vi fatta vedtak i 351 av sakene, og 335 (dvs. 96 prosent) fekk ei samla saksbehandlingstid på under 8 månader.


Når det gjeld flyktingar som ikkje lenger har vernebehov, jf. utlendingslova § 37, har UNE fått inn få saker i 2019. Vi viser til statistikkvedlegget.

Nærmare om status på porteføljen for klagesaker asyl (R2)

Rapporteringskrav R2: Status og utvikling i porteføljen av klagesaker om beskyttelse med vekt på saksbehandlingstider, omfang og alder på ubehandlede saker og prioriteringer innenfor saksporteføljen.


Med klagesaker asyl meiner vi alle klagesaker knytte til asylfeltet, inkludert ikkje-realitetsbehandla saker, medrekna såkalla Dublin-saker. Krav om omgjering blir ikkje rekna som klagesaker og blir derfor haldne utanfor her.

Figuren nedanfor viser utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i UNE per måned for behandla klagesaker asyl fordelt på ikkje-realitetsbehandla saker, realitetsbehandla saker, og samla for desse to sakstypane. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker som blei ferdigbehandla i 2019, blei 144 dagar, ned med 26 dagar frå 2018. Gjennomsnittet var 169 dagar for realitetsbehandla saker og 85 dagar for Dublin-saker.



Figur 14: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandla klagesaker asyl per måned i 2019

Figuren nedanfor viser alderen på asylsakene UNE behandla i 2019.



Figur 15: Behandla klagesaker asyl i 2018 og 2019 etter alder på saka på det tidspunkt UNE fatta vedtak i saka

Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på saker og gjennomsnittleg alder på klagesakene i UNE. Figuren viser at alderen på klagesakene gjekk ned fram mot juli, men auka utover året med 30 dagar. Alderen på klagesakene er i gjennomsnitt den same som ved inngangen til året, 139 dagar. Talet på klagesakene minka med om lag 20.



Figur 16: Utvikling i talet på klagesaker og gjennomsnittleg alder – klagesaker asyl 2019

UNE har ansvaret for å vurdere utsett iverksetjing (UIV) av vedtaka UDI gjer i Dublin-sakene, og den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for *Dublin UIV-saker* har, som i 2018, variert frå to til seks dagar gjennom 2019, med fire dagar som eit gjennomsnitt samla for året.

Ubehandla saker (inkludert krav om omgjering)


Som tabellen nedanfor viser, reduserte UNE talet på asylsaker ytterlegare i 2019, frå 722 ved utgangen av 2018 til 620 ved utgangen av 2019. 388 av sakene per 31.12.2019 er klagesaker, medan dei resterande er krav om omgjering.

Sakstype	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019
----------	------------	------------	------------

Asylsaker	1 471	722	620
------------------	-------	-----	-----

Tabell 3: Tal på ubehandla asylsaker dei siste tre åra

Figuren nedanfor viser fordelinga i alder målt i månader på ubehandla asylsaker inkludert krav om omgjerding i UNE per 31.12.2018 og 31.12.2019. Noko av grunnen til at talet på saker auka i spennet 6–12 månader, samtidig som det er redusert i spennet 0–6 månader, kan vere at UNE prioriterer saker etter samla saksbehandlingstid i kjeda framfor saksbehandlingstid i UNE isolert sett.



Figur 17: Ubehandla saker per 31.12.2018 og 31.12.2019 sortert etter alder


Saksbehandlingstid i kjeda for klagesaker asyl

Styringsparameter frå tildelingsbrevet	Resultatkrav/ambisjonsnivå	Resultat/vurdering
SP1 Samla saksbehandlingstid for påklaga avslagssaker asyl frå søknaden blir fremja, til saka er ferdigbehandla i UNE.	Samla saksbehandlingstid for UDI og UNE skal i asylsaker fremja etter 1.1.18 ikkje overstige 8 månader for 80 prosent av sakene.	79 prosent

Frå og med 2018 har UNE og UDI hatt eit felles/likelydande resultatkrav/ambisjonsnivå i tildelingsbrevna om at samla saksbehandlingstid for klagesaker asyl ikkje skal overstige 8 månader for 80 prosent av sakene. I målinga av den samla saksbehandlingstida inngår tid brukt både i PU, UDI og UNE. Resultatkravet gjeld dei som søker første gong etter 1.1.2018. Dette betyr at mellom anna § 8-8a-sakene («oktoberbarnporteføljen») ikkje inngår i resultatkravet.

Ambisjonsnivået/resultatkravet for 2019 på 80 prosent blei ikkje nådd, då berre 79 prosent av sakene ikkje oversteig 8 månaders saksbehandlingstid. Svært mange av sakene har hatt høg alder på det tidspunktet vi har fått dei frå UDI, og ein ikkje uvesentleg del har vore over 8 månader allereie på dette tidspunktet. Tek ein utgangspunkt i saker mottekne i 2019 som var under 7 månader gamle då vi fekk dei inn, hadde UNE i 92 prosent av tilfella behandla ferdig klagesaka før det var gått 8 månader. Av dei 27 sakene vi tok imot frå UDI før det var gått 7 månader, og som fekk over 8 månaders saksbehandlingstid, blei 14 behandla i nemndmøte.


UDI varsla UNE om at dei i 2019 hadde ein stor portefølje med eldre saker som måtte prioriterast, og at det derfor måtte forventast fleire avslagssaker med lang saksbehandlingstid når UNE tok imot dei. Av 620 mottekne saker i denne porteføljen i 2019 var 28 prosent allereie mellom 4 og 6 månader gamle, 20 prosent var mellom 6 og 7 månader gamle, 17 prosent var mellom 7 og 8 månader gamle, og 14 prosent var over 8 månader då UNE fekk dei frå UDI.



Figur 18: Utvikling i talet på saker over fire og seks månader ved innkomst UNE

Dei om lag 580 sakene i denne porteføljen som UNE ferdigbehandla i 2019, fordelte seg slik etter sakstype: asyl realitet 300, Dublin 222, trygt tredjeland 48 og formelt vedtak 8 saker.

Sakene fordelte seg slik etter alder (dvs. samla saksbehandlingstid i kjeda) då UNE fatta sitt vedtak:



Figur 19: Behandla klagesaker asyl omfatta av kjedemål etter alder på sakene rekna frå søknadstidspunktet

3.2.2 Hovudmål 2: Rask retur av personar utan lovleg opphald


Rapportering: UNE skal gi en kort beskrivelse av hvilke antatte effekter UNEs aktiviteter og resultater har hatt på målet om raskere retur.

UNE har etter eiga vurdering eit godt, løpande samarbeid med PU for å sikre at retur skal skje så raskt som mogleg. Saker der PU har behov for avklaringar i samanheng med uttransporteringar, blir høgt prioriterte i UNE. PU har fleire kontaktpersonar i UNE som dei tek kontakt med i samanheng med arrestasjonar og planlegging av konkrete uttransporteringar.

SP2: Saksbehandlingstid utvising

Styringsparameter frå tildelingsbrevet	Resultatkrav/ambisjonsnivå	Resultat/vurdering
SP2 Saksbehandlingstid i UNE for utvisingssaker	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i UNE i utvisingssaker skal vere under 90 dagar.	82 dagar

UNE har ferdigbehandla 943 saker om utvising i 2019. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for desse sakene har halde seg stabilt låg gjennom 2019 og enda på 82 dagar, dvs. 8 dagar under ambisjonsnivået/resultatkravet i tildelingsbrevet. Dette er likevel ein auke frå 2018, då ho var 71 dagar. Figuren under viser månadleg utvikling i gjennomsnittleg saksbehandlingstid gjennom 2019.



Figur 20: Månadleg utvikling i gjennomsnittleg saksbehandlingstid på behandla utvisingssaker i 2019

Klagesaker utgjorde 78,5 prosent av dei behandla sakene i 2019, og den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for desse var 86 dagar. Sakene blir prioriterte etter frist. Også i 2019 har ein bestemt seksjon hatt fagansvaret i opphaldsavdelinga (fram til omorganiseringa 4.11.2019), men for å overhalde fristkravet og overordna saksbehandlingstid har mange utvisingssaker også blitt behandla i dei andre seksjonane i avdelinga. Det har vore viktig å sikre fleksibel ressursutnytting på utvisingssakene for å sikre framleis låg saksbehandlingstid for denne porteføljen.

3.2.3 Hovudmål 3: Få personar med opphald med feil identitet eller på feil grunnlag

Rapportering: *Det skal gis en kort beskrivelse av hvilke antatte effekter UNEs aktiviteter og resultater har hatt på målet om raskere avklaring av identitet.*

Det er viktig at UNE og PU/politiet har eit løpande samarbeid, slik at UNE får tilgang til dei same opplysningane som PU har i sakene. Samarbeidet er særleg viktig i samanheng med vurdering av korrekt identitet. Dette gjeld òg i opphaldssaker/fornyningar der det lokale politidistriktet kan ha fått opplysningar som kan vere relevante i saka (dette gjeld sjølvstøtt òg i saker der UNE gir løyve).

UNE jobbar kontinuerleg med avklaring av korrekt identitet. Det er identitetsproblematikk i mange saker, og avklaring av identitet kan vere ressurskrevjande. UNE har interne retningslinjer som seier at vi skal gjere ei vurdering av kva som er rett identitet, i alle saker der vi gir løyve. Det er likevel ei utfordring at det i mange saker der vi vurderer å gi løyve, ikkje har blitt gjort ei ID-avklaring på eit tidlegare tidspunkt i saksbehandlinga.

I regelverket er det føresegner om at løyve kan bli gitt med avgrensingar på grunn av identitetskontroll. Gjennomgang av praksis i UNE viser at vi nyttar oss av utf § 10-13 til å gi eittårige løyve i asylsaker, og utl § 38 femte ledd i løyve på humanitært grunnlag. UNE nyttar det handlingsrommet regelverket gir.

UNE har arbeidd med ulike tiltak for å styrkje ID-arbeidet. Eitt eksempel er gjennomgang av maltekst som eit viktig verktøy og hjelpemiddel i saksbehandlinga. UNE nyttar opne kjelder for å undersøkje nettverket til klagarar som seier at dei ikkje har familie, slekt eller venner i heimlandet. Funn i sosiale medium kan ha betydning for utfallet, dvs. føre til rettare resultat, i saker der opplysningane frå klagaren om heimstad og/eller nettverk ikkje blir rekna for å vere tilstrekkeleg sannsynleggjorde.

Vi gjer bruk av hjelp frå Nasjonalt ID-senter (NID) til dokumentkontroll, særleg i statsborgarskapsaker, men òg av andre tenester som NID har utvikla.

UNE verifiserer opplysningar i ulike land, både for å avklare identitet og for å kontrollere informasjon om familie og nettverk.

UNE meiner at vi har dekning i gjeldande regelverk for å ha ei meir kritisk haldning til oppgitt identitet i mange tilfelle. Dette kan vi gjere ved å stille større krav til medverknad frå klagaren og initiere fleire tiltak som til dømes kurs i praktisk ID-arbeid.

3.2.4 Hovudmål 4: Kortare saksbehandlingstid i opphaldssaker

SP3: Saksbehandlingstid i familieinnvandringsaker

Styringsparameter frå tildelingsbrevet	Resultatkrav/ambisjonsnivå	Resultat/vurdering
SP3 Saksbehandlingstid i familieinnvandringsaker	Saksbehandlingstida i UNE for familieinnvandringsaker skal ikkje overstige 90 dagar for 80 prosent av sakene.	89 prosent

I 2019 fekk UNE eit nytt ambisjonsnivå/resultatkrav i tildelingsbrevet om at saksbehandlingstida i familieinnvandringsaker ikkje skal overstige 90 dagar for 80 prosent av sakene. Resultatkravet omfattar saker som er mottekne i UNE frå og med 1.1.2019, og omfattar både klagesaker og krav om omgjerung.

UNE tok i 2019 imot om lag 1230 saker, derav 912 klagesaker, og behandla om lag 1050 av desse sakene. UNE nådde det fastsette resultatkravet, og 89 prosent av dei behandla sakene kom ut med ei saksbehandlingstid på under 90 dagar.

I 2019 var innkomne klagesaker på nokolunde same nivå som i 2018. Styring på frist var hovudfokus. Også i 2019 var det ein del variasjon i inngangen av klagesaker frå UDI. Saksinngangen har blitt følgd frå veke til veke, og ved behov har saksbehandlarressursar blitt styrte til andre porteføljar, spesielt til utvisingsporteføljen.

Gjennomsnittleg behandlingstid for behandla saker omfatta av dette målet var 51 dagar.

Status for porteføljen av opphaldssaker (R3)

Rapporteringskrav R3: *Rapportere på status og utvikling i porteføljen av opphaldssaker (inkludert utvisnings- og tilbakekallssaker), herunder aktuelle problemstillinger knyttet til saksbehandlingstider, omfang og alder på ubehandlede saker og prioriteringer.*

UNE behandla totalt 4829 opphaldssaker i 2019, inkludert 801 krav om omgjerung. I 10,2 prosent av sakene blei klage eller krav om omgjerung teke heilt eller delvis til følgje.

Utvising

UNE behandla 943 utvisingssaker i 2019 (740 klagesaker, 200 krav om omgjerung, 3 returnerte til UDI). 124 saker blei heilt eller delvis omgjorde, dvs. 13,1 prosent av sakene. Omgjerungsprosenten for klagesakene isolert sett var 9,9 (73 saker). Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for utvisingsklagesaker var 86 dagar og 62 dagar for krav om omgjerung. Gjennomsnittet var 82 dagar for klage og krav om omgjerung samla.

Familieinnvandring

Ved inngangen til 2019 hadde UNE om lag 160 saker om familieinnvandring. Desse sakene var ikkje omfatta av styringsparameteren SP3. UNE har styrt sakene etter frist, og alle desse sakene blei behandla i løpet av 2019.

UNE reduserte talet på saker med om lag 20 gjennom 2019.

Krav om omgjerung

UNE tok i alt imot 817 krav om omgjerung på opphaldsområdet. Dette er 363 saker færre enn i 2018 og samsvarer med tendensen til færre krav om omgjerung.

Tilbakekall

UNE behandla tilnærma 284 tilbakekallssaker i 2019, medrekna krav om omgjering. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på klagesakene var 135 dagar. Vi ser at saker som omhandla tilbakekall av flyktningstatus etter utlendingslova §§ 63 og 37, trekte opp snittet.

Ingen klagesaker som gjeld tilbakekall av *statsborgarskap* har vore behandla i 2019. Denne porteføljen har vore sett på vent sidan februar 2017. Totalt gjeld det 22 klagesaker i UNE. I tillegg har UNE 14 relaterte saker på vent. Av desse er 8 utvisingssaker i samband med tilbakekallssaker sette på vent, medan dei andre 6 er klagesaker knytte til medlemmer av familien til personar som har fått si klagesak i samband med tilbakekall sett på vent. Dei relaterte sakene er sette på vent fordi utfallet i desse sakene avheng av avgjerda i dei tilbakekallssakene som er sette på vent.

Ubehandla opphaldssaker


Talet på ubehandla opphaldssaker auka med 527 i 2019. Tabellen nedanfor viser talet på ubehandla opphaldssaker per 31.12. dei siste tre åra.

Sakstype	2017	2018	2019
Opphaldssaker	1922	941	1468

Tabell 4: Tal på ubehandla opphaldssaker dei siste tre åra

Når det gjeld alderen på sakene, har denne òg stige noko i 2019. Per 31.12.2018 var 12 prosent av sakene over 6 månader. Per 31.12.2019 var denne delen auka til 15 prosent (222 saker).

Figuren nedanfor viser alder i månader på ubehandla opphaldssaker (inkl. krav om omgjering) i UNE per 31.12.2018 og 31.12.2019.



Figur 21: Ubehandla opphaldssaker

3.2.5 Produktivitet (R4)

Rapporteringskrav R4: Beskrive oppnådd produktivitet i 2019. Rapporteringen skal inneholde en vurdering av sentrale faktorer som har påvirket produktiviteten, sammenligne produktivitet med tidligere år, samt gi en vurdering av eventuelle tiltak som er igangsatt for økt produktivitet. Vurderingen skal følges av sentrale nøkkeltall som belyser produktivitetsutviklingen.

Produktivitet målt i talet på saker per årsverk

Tabellane 5 og 6 nedanfor viser kor mange saker som er behandla dei tre siste åra (inkluderer både klagesaker og krav om omgjerding), og utviklinga i årsverk. Det var færre behandla saker i 2019 enn i 2017 og 2018, først og fremst grunna lågare saksinnngang og færre tilsette. Det totale talet på behandla saker i 2019 var 32 prosent under nivået for 2018 og 54 prosent under nivået for 2017.

Sakstype	2017	2018	2019	Endring i prosent 2018–2019
Asylsaker	6 244	3 104	1 774	–43 %
Opphaldssaker	8 205	6 601	4 832	–27 %
Totalt	14 449	9 705	6 606	–32 %

Tabell 5: Tal på behandla saker dei siste tre åra

Talet på årsverk har òg gått vesentleg ned som følgje av aktiv nedbemanning i 2018 (i form av frivillige sluttpakkeavtalar) og ved at naturleg avgang ikkje er erstatta (gjeld både 2018 og 2019). UNE har hatt ein reduksjon i gjennomsnittlege årsverk frå 319 i 2017 til 270 i 2018 og 229 i 2019. Sekretariatet og nemndleiarleddet har samla hatt ein nedgang i årsverk frå 213 i 2017 til 169 i 2018 og 136 i 2019, dvs. ein reduksjon i årsverk på ca. 20 prosent samanlikna med 2018 og 36 prosent samanlikna med 2017. Vi understrekar at desse årsverkstala ikkje er samanliknbare med årsverkstala i note 2 i artskontorrapporteringa, då sistnemnde har fråtrekk for sjukefråvær.

Del av UNE	2017	2018	2019	Endring i prosent 2018–2019
Sekretariatet	188	147	116	–21 %
Nemndleiarleddet	25	22	20	–9 %
SUM sekr + NL-ledd	213	169	136	–20 %
Prosedyreavdelinga	4	8	8	0 %
UNE elles	102	93	85	–9 %
SUM UNE	319	270	229	–15 %

Tabell 6: Årsverk i alt (gjennomsnitt gjennom året) dei siste tre åra

Tabellen nedanfor viser tal på behandla saker (uavhengig av sakstype og avgjerdsform) per årsverk i sekretariatet og nemndleiarleddet samla for åra 2017–2019. Han viser ein nedgang i årsverksproduktiviteten på 15 prosent samanlikna med 2018 og 28 prosent samanlikna med 2017.

Del av UNE	2017	2018	2019	Endring i prosent 2018–2019
Sekretariat + NL-ledd	67,8	57,4	48,6	–15 %

Tabell 7: Gjennomsnittleg tal på ferdigbehandla saker per årsverk for sekretariatet og nemndleiarleddet samla

Produktivitet målt i utgift per vektal og utgift per sak

Vektal skal seie noko om kor ressurskrevjande dei forskjellige avgjerdsformene og sakstypene er i klagesaksbehandlninga i UNE. Vektalspoeng blir rekna ut slik (jf. pkt. 8.2 i tildelingsbrevet for 2019):

Avgjerdsform	Vekt vernesaker	Vekt opphaldssaker
Stornemndmøte	6,382	6,382
Nemndmøte m/personleg frammøte	1,276	0,895
Nemndmøte u/personleg frammøte	0,919	0,608
Avgjerd ved nemndleiar	0,435	0,292
Avgjerd i sekretariatet	0,101	0,125

Tabell 8: Vekting av asylsaker og opphaldssaker basert på avgjerdsform

Tabellen nedanfor viser utviklinga i gjennomsnittleg kostnad per sak og per vektal dei siste tre åra. Rekneskapsførte driftsutgifter på post 01 og 21 har gått ned med ca. 11 prosent samanlikna med 2018 og 15 prosent samanlikna med 2017. Dette er nominelle tal (det er ikkje teke omsyn til lønns- og prisstiging), slik at den reelle reduksjonen er større. Som vi har sett av tabellen lenger oppe, er altså reduksjonen i behandla saker vesentleg større, 54 prosent. Dette gir ein auke i gjennomsnittleg kostnad per sak med 30 prosent samanlikna med 2018 og 87 prosent samanlikna med 2017.

Når ein samanliknar ut frå gjennomsnittleg kostnad per vektal, blir forskjellane litt mindre. Gjennomsnittleg «vektalskostnad» har auka med 21 prosent samanlikna med 2018 og 77 prosent samanlikna med 2017. Dette skuldast at samansetjinga av saker og samansetjinga av avgjerdsform har vore noko «tøffare» enn ho var i 2018 og 2017.

Kostnads- og vektalsproduktivitet 2017–2019 (etter tal på vedtak)	2017	2018	2019	Endring % 2018–2019
Rekneskap (sum post 01 og 21)	324 019 602	312 321 490	276 723 752	–11 %
Behandla saker i alt	14 449	9705	6606	–32 %
Gj.snitt kostnad per sak	22 425	32 182	41 890	30 %
Vektal	4 300,9	2827,0	2 072,3	–27 %
Gj.snitt kostnad per vektal	75 338	110 478	133 537	21 %

Tabell 9: Kostnads- og vektalsproduktivitet 2017–2019

Vurdering av faktorar som har påverka produktivetsutviklinga

I årsrapporten for 2018 heiter det under tilsvarende rapporteringspunkt på s. 20: «Den relativt sterke auken i utgift per sak og utgift per vektal har først og fremst samanheng med den lågare saksinngangen som vi har sett i 2018 og at planlagd nedbemanning ikkje gir tilstrekkeleg effekt før ila. 2020.»

Dette gjeld ikkje i same grad for 2019 som for 2018, då vi i 2019 hadde ein auke i talet på ubehandla saker gjennom året.

Ein faktor som ytterlegare bidrog til produktivetsnedgang frå 2018 til 2019, var sjølv innføringa av ny organisering og ny arbeidsmetodikk 4. november. Vi såg at produktiviteten var spesielt låg dei to siste månadene i 2019, noko som var forventa på førehand. Vi forventar likevel at denne omstillinga vil gi resultat i form av mellom anna aukande produktivitet dei kommande åra. Ho er derfor eit hovudtiltak for at UNE skal få i stand ei positiv effektivitetsutvikling samtidig som andre viktige omsyn blir varetekne, til dømes behovet for god nok kvalitet i saksbehandlinga og fleksibilitet i samband med skiftande porteføljar.

Eit anna forhold som verkar inn på evna vår til effektiv saksbehandling når saksinngangen blir redusert til eit langt lågare nivå enn tidlegare, og talet på saksbehandlarar går ned, er at ei rekkje stordriftsfordelar fell bort eller blir mindre. Det blir færre igjen til å vareta viktig generelt arbeid og viktig spesialkompetanse.

Vi erfarer òg at det trass i færre innkomne klagesaker og krav om omgjerung totalt sett ikkje blir brukt mindre tid på *rettssaksarbeid*. Dette gjer at det relativt sett går med meir ressursar i kjerneverksemda til dette arbeidet. Til dømes gjekk ikkje talet på dagar i retten ned frå 2018 til 2019.² Vi viser til punkt 9 i statistikkvedlegget.

Også når det gjeld arbeid med sivilombodsmannssaker og saker etter forvaltingslova § 36, er inntrykket at tida og ressursane som går med til slike saker, ikkje minkar tilsvarende som tid brukt på behandling av klagesaker eller krav om omgjerung. Når det gjeld arbeidet med saker frå Sivilombodsmannen i 2019, viser vi elles til brev frå UNE av 22.1.2020. Meir om § 36-saker går fram av punkt 8 i statistikkvedlegget.

Nedbemanning og omstilling fører normalt til lågare produktivitet. Dette er òg tilfelle for UNE, som på 2 år har redusert bemanninga frå 353 til 250 tilsette. Nedbemanning førte òg til kompetansetap, og fleire av dei produktive saksbehandlarane har slutta. Ikkje minst såg vi denne effekten i samanheng med bruken av aktive nedbemanningstiltak i 2018. Dei seinare åra har det dessutan vore nytta mykje ressursar frå kjerneverksemda til omstillings- og utviklingsarbeidet. På grunn av forventa overkapasitet har UNE også lånt ut saksbehandlingsressursar til andre etatar, deriblant PU og UDI (dette er trekt frå i årsverka og påverkar derfor ikkje produktiviteten målt per årsverk direkte).

Utan ein djuptgåande analyse skal ein vere forsiktig med å hevde at sakene i seg sjølv har blitt meir kompliserte eller tidkrevjande, men vi har dei seinare åra også sett ei utvikling der vi får inn færre

² Det er hovudsakleg motparten som ber om fleire dagar til hovudforhandling. UNE har fokus på å få dagane ned. Likevel har vi hatt fleire «store» saker i retten i 2019 og fleire kumulerte saker med hovudforhandlingar på fem til ti dagar. Ei anna forklaring er meir bruk av sakkunnige vitne (begge partar) og generelt meir bruk av vitne. Dette tek mykje tid.

grunnlause saker. Dette er naturlegvis positivt for samfunnet i eit ressursperspektiv, men isolert sett kan det slå negativt ut på produktiviteten til UNE ved at vi får færre «lette» saker å behandle.

Det er mange vanskelege avvegingar som må gjerast når kvalitet skal vegast opp mot kort saksbehandlingstid og effektivitet. Ein faktor her er at UNE no bruker meir tid på ID-arbeid og på å finne familierelasjonar gjennom sosiale medium enn tidlegare.

Nokre faktorar har vore spesielt fordelaktig for produktiviteten tidlegare år. I 2017 hadde produktiviteten i UNE til dømes fordelten av rundt 1000 svært enkle formelle asylklagesaker, mellom anna som følgje av at mange einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA) forsvann frå mottak. I 2019 var talet på slike saker rundt 40. Samanlikna med 2018 behandla vi i 2019 relativt sett fleire klagesaker samanlikna med omgjeringsaker (75 prosent klagesaker i 2019 mot 72 prosent i 2018). I gjennomsnitt er krav om omgjerung mindre ressurskrevjande å behandle. Samanlikna med 2017 har det likevel relativt sett blitt færre klagesaker (80 prosent klagesaker i 2017). I vektalssystemet ovanfor er det ikkje teke omsyn til forskjellen mellom klagesaker og krav om omgjerung.

Når ein måler produktivitet basert på talet på saker (utan vekting), er det òg eit poeng at asylsaker i gjennomsnitt er meir ressurskrevjande å behandle enn opphaldssaker. I 2014 utgjorde asylsaker 62 prosent av alle behandla saker, minkande til 43 prosent i 2017, 32 prosent i 2018 og 27 prosent i 2019. Dette forholdet blir likevel fanga opp av vektalssystemet.

Elles kan dette seiast om produktivitetstala:

- Bruken av sluttvederlag i 2018 er ein viktig årsaksfaktor når det gjeld forskjellen mellom 2017 og 2018 i kostnad per sak eller vektal.
- Høgare leigekostnad per tilsett/per sak grunna nedbemanninga i kombinasjon med at det har teke tid å reforhandle husleigeavtala, samt at det har vorte vanskeleg å leige ut ledige lokale.
- Tala er heller ikkje justerte for årleg lønns- og prisstiging.

3.2.6 Effektiviseringstiltak (R6)

Rapporteringskrav R6: *Redegjøre for iverksatte og planlagte effektiviseringstiltak og hvordan effektiviseringsgevinstene frigjøres og omdisponeres, herunder særskilt hvordan effektiviseringsgevinster forutsatt i avbyråkratiseringsreformen (ABE-reformen) er hentet ut.*


UNE har i 2019 fokusert på å vidareføre den relativt omfattande nedbemanninga av verksemda som blei starta opp hausten 2017.

Effekten av nedbemanning blir primært teken ut ved at innsparingar på budsjettet blir spelte inn i dei regulære budsjettprosessane. Dette gjeld i første rekkje frigjerung av lønnsmidlar, og husleigemidlar, jf. at vi no har utløynt opsjon på fortsett leigeavtale i Oslo City som inneber vesentleg lågare husleigeutgifter frå og med 1.8.2020.

3.2.7 Ny leigeavtale for UNE sine kontorlokale (jf. O1 under pkt. 4.4 i tildelingsbrevet)

Sidan forsøket på å skaffe UNE ein langsiktig ny leigeavtale frå sommaren 2020 dessverre ikkje førte fram, har UNE utløyst opsjon på lokala i Stenersgata 1 med verknad frå 1.8.2020, gjeldande i fem år. UNE vil starte ein prosess for nye lokale innan utgangen av 2021.

3.2.8 Ressursbruk



Figur 22: Driftsutgifter etter art

Samla tildeling til UNE (post 01 og post 21) utgjorde 299,8 millionar kroner (avrunda tal). UNE viser elles til kommentarar frå leiinga i del VI *Årsrekneskap*, som gir nærmare forklaringar og vurderingar av vesentlege forhold ved årsrekneskapen til UNE.


Utgifter rapporterte til rekneskapen for løyvingar i 2019 var 282,95 millionar kroner når investerings- og finansutgifter er tekne med. Figuren ovanfor viser samansetjinga av desse utgiftene i 2019.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde 68 prosent av dei totale driftsutgiftene (investerings- og finansutgifter er inkluderte) i 2019. I 2018 var tilsvarande tal 73 prosent. Utgifter til husleige, vakthald og anna er nest største kategori og utgjorde om lag 16 prosent. Reiser og kurs/konferansar stod for 2 prosent, medan kategoriane andre driftsutgifter og kjøp av framande tenester (konsulenttenester) utgjorde 7 prosent. Investerings- og finansutgifter utgjorde 2 prosent av dei totale utgiftene.

Nærmare om kjøp av framande (eksterne) tenester

Det blei i 2019 utbetalt 19,8 millionar kroner til kjøp av konsulenttenester, tilsvarande 7 prosent av driftsutgiftene. Det er 2 prosent meir enn i 2018.

Kostnaden knytt til konsulentar innan IKT-utvikling og IKT-drift er for det meste knytt til nyutvikling. Utfordringar med å rekruttere kritisk kompetanse på informasjons- og dataforvaltarområdet har medført høgare konsulentutgifter enn elles for å sikre nødvendig framdrift på utviklingstiltaka. Til saman 13,7 millionar kroner av utgiftene til konsulentbruk blei nytta på IKT-området. Av dette kan 13,5 millionar kroner relaterast til IKT-utvikling og 0,2 millionar kroner til IKT-drift. Av konsulentbruk til utviklingsprosjekt blei det m.a. nytta om lag 3,6 millionar kroner til kjernesaksbehandlingssystemet DUF, 6,6 millionar kroner til IKT-utvikling knytt til nemndbehandling og 2,2 millionar kroner til utvikling av rapporteringssystemet Qlik (vidareføring av «Tal til alle»-prosjektet). I tillegg blei 0,7 millionar kroner nytta til utvikling av ekstern praksisbase på une.no.



Figur 23: Konsulentutgifter 2016–2019

Til organisasjonsutvikling inkludert leiarutvikling blei det nytta 3,6 millionar kroner i 2020. Av dei resterande konsulentutgiftene på til saman 2,4 millionar kroner har 0,8 millionar kroner blitt nytta til prosessstøtte (Statsbygg) i samband med utgreiing/innkjøp av ny leigeavtale for UNE, og 0,7 millionar kroner har gått til omsetjingar og verifikasjonar.

3.2.9 Barnefagleg kompetanse (R5)

Rapporteringskrav R5: *Tiltak for å styrke barnefaglig kompetanse i UNE i 2019.*

I samband med stortingsbehandlina av statsbudsjettet for 2019 blei driftsposten til UNE auka med 2 millionar kroner for å styrkje den barnefaglege kompetansen i asylkjeda. I revidert nasjonalbudsjett blei posten redusert tilsvarande. Planlagde tiltak for å styrkje den barnefaglege kompetansen blei dekte over ordinært budsjett.

Saksbehandlarar og nemndleiarar i UNE har også i 2019 delteke på fleire interne og eksterne kurs/foredrag med tema frå mellom anna barnerett, barnevernrett, menneskehandel, utviklingspsykologi og barns tilknytning. Delar av programmet på årets dagars UNE-seminar gjaldt barnefaglege emne.

UNE har saman med UDI og PU inngått ein avtale med Stiftelsen RBUP (Regionsenter for barn og unges psykiske helse) om å utvikle og gjennomføre tilpassa opplæring i samtalar med barn, «Samtalar med barn i asylkjeda». Formålet var å sikre at barn og unge møter trygge og varetakande vaksne gjennom heile asylkjeda. Opplæringa var skreddarsydd for utlendingsforvaltinga og bestod av eit fellesprogram, eit etatsspesifikt program og eit rettleiingsprogram, i tillegg til eit program for implementeringsstønad retta mot utvalde leiarar og sentrale rådgivarar. Programmet starta i 2018 og blei avslutta i juni 2019. Alle nemndleiarane i UNE har gjennomført opplæringa. Eit nytt felles kompetanseprogram retta mot saksbehandlarane i utlendingsforvaltinga har som formål å styrkje kompetansen i sjølve barneperspektivet. Alle saksbehandlarane i UNE har delteke i fellesundervisning over to dagar hausten 2019. UNE har inngått ein ny avtale med Stiftelsen RBUP om å utvikle eit opplæringstilbod spesielt tilpassa UNE sitt behov. Dette kompetanseprogrammet skal vere retta inn mot skriftleg saksbehandling og vurderingar av barnets beste. Formålet med det nye kompetanseprogrammet er å styrkje den barnefaglege kompetansen og gjennom det bidra til kvalitet i saksbehandlinga, og å vareta barn og unges verdigheit og integritet. Undervisninga skal etter planen gjennomførast i 2020.

Vidare har UNE inngått ein avtale med barnepsykolog Gunnar Ekeid om bistand. Avtalen inneber bistand og rådgiving knytt til enkeltsaksbehandlinga og i samanheng med nemndmøte og rettssaker, i tillegg til generell opplæring. Bistanden vil særleg vere knytt til forståinga av innsend dokumentasjon om forholda rundt barn (omsorgssituasjon, kontaktforhold og helse), råd, rettleiing og fagleg kompetanseutvikling innanfor utviklingspsykologi, tilknytningsteori, omsorgssvikt og traume og til høyring av barn. Gunnar Ekeid har fast kontordag i UNE annakvar veke og er elles tilgjengeleg ved behov. Avtalen kan forlengjast med eitt år om gongen, maksimalt til og med 2023.

UNE har laga tre informasjonsfilmar retta mot barn og unge. Filmane handlar om barns rett til å bli høyrd, kven som får bu i Noreg, og om barn som ikkje kan bu i Noreg saman med foreldra sine (familieinnvandring og utvising). Det er utvikla egne barnesider på une.no med tilpassa informasjon til barn og unge som brukargruppe. UNE har òg bidrege til utviklinga av UDI sine informasjonsfilmar om retur og avslag og til innhaldet på nettsida asylbarn.no.

3.2.10 Samarbeid i migrasjonsskjeda (R1)

Rapporteringskrav R1: *Beskrivelse og vurdering av samarbeidet med andre virksomheter i migrasjonsskjeden, herunder oppnådde resultater og eventuelle utfordringer.*

Av aktørane i migrasjonsskjeda samarbeider UNE tettast med UDI, PU/politiet, UD og Nasjonalt ID-senter. Samarbeidet med UDI skjer delvis gjennom saksbehandlinga i samanheng med behov for avklaringar av fagleg karakter og/eller ressurs spørsmål, delvis via kontakt og samarbeid med UDI-nettverket, til dømes ID-gruppa. Det blir òg samarbeidd i samband med at UNE deltek i ulike prosjekt som er initierte av UDI. Det er ofte prosjekt med utstrekt samarbeid mellom fag og teknologi. «Moderniseringsprogrammet for folketrygda» er eit program som er eksempel på dette. Deltaking inneber at UNE får belyst sine behov i desse prosessane. Dette er prosjekt som UDI leier, og det er

viktig at UNE blir kopla på i ein tidleg fase. Vi har erfart at UNE ofte kjem inn når prosjekt nærmar seg sluttdato, og då kan tidsmangel gjere det utfordrande å få fram UNE sine perspektiv og behov. Her er det mykje å hente på å bli kopla på tidleg. Det er òg samarbeid ved at UNE er høyringspart ved endringar i rundskriv og retningslinjer. Eit anna eksempel på samarbeid er FOU-prosjektet om bruk av sosiale medium i saksbehandlinga i UDI og UNE. UNE har òg godt samarbeid med UD. Eit døme på det er invitasjonen til eit frukostmøte vinteren 2019 med presentasjon av ID-ekspertane og arbeidet deira på dei ulike knutepunktstasjonane.

Sak for Høgsterett om krav til bevis på om ein asylsøkjjar er over eller under 18 år

Eit eksempel på ei sak der UDI og UNE har samarbeidd mykje i 2019, er ankesaka om aldersvurderingar. Samarbeidet tok form etter dommen i tingretten og har vore viktig i arbeidet med anke til lagmannsretten og Høgsterett. Det var behov for å få kjennskap til den faktiske saksbehandlinga i desse fem sakene, og det har derfor vore møte mellom regjeringsadvokaten, UNE og UDI. Arbeidet som er lagt ned i denne saka, vil bli nedfelt ved revisjon av interne retningslinjer i UDI og UNE.

Verifiseringar

Eit viktig tiltak i kjedeperspektivet er samarbeidet siste halvåret mellom UDI, PU og UNE om verifiseringar, der UNE blei invitert med i arbeidet i tilknytning til ein workshop som blei halden i Ankara hausten 2019. Det er viktig at UNE sine perspektiv kjem fram når kjedesamarbeid blir diskutert og retningslinjer blir reviderte. UNE har spesielle behov når det gjeld nemndmøte og rettssaker, og likeins når det gjeld krav til verifiseringsrapportar.

Nasjonalt ID-senter

UNE har mykje kontakt med Nasjonalt ID-senter, både i samband med dokumentkontroll som ekspertane deira utfører i enkeltsaker (særleg i samanheng med søknad om statsborgarskap), og ved at vi nyttar tenestene deira, til dømes ID-basen og databanken. UNE blir invitert til presentasjonar etter tenestereiser, og vi blir òg bedde om tilbakemeldingar og kommentarar før slike reiser.

Politiets utlendingseining

I løpet av året har det vore eitt møte med PU som var ope for alle. Temaet var arbeidet med amnestiordninga for irakiske borgarar i Nord-Irak. Det er viktig at UNE og PU/politiet har ein løpande relasjon, slik at vi er oppdaterte på kva politiet har av ID-kunnskap om den einskilde asylsøkjaren før vi treffer vedtak. Dette gjeld òg i opphaldssaker/fornyningar der det lokale politidistriktet kan ha fått opplysningar som kan vere relevante i saka.

Det er òg viktig å skape samhandlingsarenaer for å auke innsikt og samarbeid. Vi må ha gode og sikre rutinar for ID-kontroll i utlendingsforvaltninga for å sikre at ein person ikkje finst i ulike register med ulike identitetar. Ei utfordring er at UNE og PU opererer i ulike system, noko som kan medføre fare for at informasjon som er viktig for ID-avklaringa, ikkje kjem til rett instans. Politiet/PU utfører mykje av registreringane sine i politiets interne register, medan UNE berre har tilgang til DUF. Her kan det vere fare for dobbeltarbeid og i verste fall feil vedtak. Sjølv om UNE blir oppfordra til å ta telefonisk kontakt med PU, vil det aldri kunne erstatte eit meir strukturert system.

Utgreiing om retur av barnefamiliar

UNE bidrog saman med PU til utgreiinga av om det er formålstenleg å innføre ein tilsvarande prosedyre for retur av barnefamiliar som i Storbritannia, mellom anna å opprette eit uavhengig returpanel i retursaker som gjeld barnefamiliar. UDI hadde ansvar for utgreiinga på oppdrag frå departementet.

Saker som gjeld sikkerheit

I oppdrag av august 2019 frå Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet blei POD, PST, UDI og UNE bedde om å drøfte og komme fram til korleis rutinar og informasjonsflyt kan forbetrast for å sikre at saker som kan røre ved grunnleggjande nasjonale interesser og utanrikspolitiske omsyn, eller som kan involvere annan alvorleg kriminalitet, blir opplyste og rett avgjorde. Oppdraget blei gitt kort tid etter omfattande omtale i media i samband med at UDI hadde gitt norsk statsborgarskap til ein person som var tiltalt i ei terrorsak i Italia. Dette samarbeidet resulterte i eit svarbrev der det blei peikt på ei rekkje utfordringar og tilhøyrande forslag til tiltak.

Modernisering av folkeregisteret

I 2019 har UNE bidrege med to personar til UDI-prosjektet for modernisering av folkeregisteret. Prosjektet har i 2019 hatt to hovudleveransar: melding til folkeregisteret om innvilga opphaldsløyve for tredjelandsborgarar og melding til folkeregisteret om innvilga norsk statsborgarskap. I tillegg har prosjektet sikra matrikkelintegrasjon i søknad på nett og DUF for å betre datakvaliteten på adresser. UNE har vore involvert med innspel til kravspesifikasjonar og løysingsspesifikasjonar og til system- og akseptansetesting av løysingane, og vi har delteke i innføringsteama til prosjektet. I tillegg har vi starta å arbeide med endringsmelding til folkeregisteret. UNE opplever prosjektet som veldrive, og samarbeidet har fungert godt. Resultatet er at kvaliteten på data som utlendingsforvaltninga leverer til folkeregisteret, har auka, og at dataoverføringa er meir stabil og påliteleg. Ei hovudutfordring i samarbeidet er at prosjekta tek utgangspunkt i rundskrivet frå UDI, som ikkje er bindande for UNE og derfor ikkje alltid har vore tilpassa UNE sine behov og arbeidsmønster. Vi har derfor til tider hatt ulike oppfatningar om kva som skal leggjast til grunn for løysingane, og dette har vore krevjande å jobbe seg gjennom.

Barnefagleg forum for utlendingskjeda

UNE tok i 2019 initiativ til å etablere eit barnefagleg forum for utlendingskjeda som kunne byggje vidare på samarbeidet utlendingsforvaltninga har hatt sidan 2017 knytt til barnefagleg kompetanse. Barnefagleg forum har som overordna formål å sikre eit barneperspektiv i praksis og å bidra til å skape kontinuitet og heilskap for barn som er direkte eller indirekte påverka av kjeda sine oppgåver. Forumet skal sjå etter effektive samhandlingsområde, vere ein arena for nyttig informasjonsdeling og leggje til rette for å utvikle og utnytte den barnefaglege kompetansen i kjeda. Forumet kan gi tilrådingar eller peike på observasjonar og behov for nye rutinar eller andre forbetringar. Forumet skal fungere som eit knutepunkt, sikre informasjonsflyt og ha ei koordinerande rolle når det er behov for samarbeid.

Tverretatleg utvisingsprosjekt

Det tverretatlege utvisingsprosjektet som blei sett i gang i andre tertial 2017, er no avslutta. Prosjektet har bestått av representantar frå UNE, UDI, PU og Oslo politidistrikt. Prosjektet har kartlagt saksflyten i utvisingssaker på tvers, mellom anna for å avdekkje om etatane gjer unødvendig dobbeltarbeid, og har jobba med å identifisere og skildre problem i flyten og den ønskje situasjonen

ein vil oppnå. Prosjektet har vidare utarbeidd ein tiltakskatalog som forbetrar flyten. Dei fleste av tiltaka er no sette i gang. Prosjektgruppa har fått i oppdrag å skrive ein sluttrapport frå prosjektet.

3.2.11 Rapportering etter verksemdsinstruks for Utlendingsnemnda

Punkt 2.5 i instruksen

Kort oversikt over og oversending av rettskraftige tingretts- og lagmannsrettsdommar der praktisering av regelverket har vore eit sentralt vurderingstema

Vi viser til eiga tertialsvis rapportering.

Praksis i strid med tilrådingar frå UNHCR

Afghanistan

UNHCR vurderer i sine «Eligibility Guidelines for Assessing the International Protection Needs of Asylum-Seekers from Afghanistan» (30. august 2018) internflukt til Kabul som generelt ikkje forsvarleg på grunn av den aktuelle sikkerheits-, menneskeretts- og humanitære situasjonen i byen. UNE har i nokre få saker vist klagarar til internflukt i Kabul. Dersom UNE med sin praksis bryt med asytilrådingane frå UNHCR, er hovudregelen at dette skal behandlast i stornemnd. UNE forstår UNHCR sine tilrådingar om ikkje å vise nokon til internflukt i Kabul først og fremst som rettleiande for ei rimelegheitsvurdering, som etter norsk regelverk er eit spørsmål om opphald på humanitært grunnlag etter utlendingslova § 38. UNE har likevel hatt få saker der dette har blitt sett på spissen, då UNE lenge i større grad har vist til internflukt til andre byar i Afghanistan.

Irak

UNHCR kom med ein ny rapport i mai 2019, «International Protection Considerations with Regard to People Fleeing the Republic of Iraq». UNHCR meiner at det ikkje er grunnlag for generelt vern, og framhevar at det må gjerast individuelle vurderingar i kvar sak. Når det gjeld internflukt (IFA), spesifiserer UNHCR både relevans- og tilgjengelegheitskriteriet nærmare på nokre punkt. Dersom ein søkjar er funnen å ha ei velgrunna frykt for forfølgning frå familie, klan eller samfunnet elles på grunn av til dømes æresrelaterede forhold, går UNHCR ut frå at IFA ikkje er relevant. UNE har som praksis å gjere ei individuell vurdering av om internflukt i slike tilfelle er trygt og tilgjengeleg. Med unntak av einslege arbeidsføre menn som blir viste til Bagdad og Sør-Irak, meiner UNHCR at nettverk i utvida familie eller klan/stamme er ein føresetnad for å kunne vise til IFA. UNE vurderer konkret om nettverk er ein føresetnad. Når det gjeld IFA til det kurdiske sjølvstyreområdet (KRI), meiner UNHCR at det ikkje er rimeleg («reasonable») grunna den vanskelege humanitære situasjonen og eit stort tal internt fordrevne. Her er UNE sin praksis ikkje i tråd med UNHCR. UNE vurderer konkret og individuelt om det finst sterke menneskelege omsyn etter § 38. Som utgangspunkt vil ein einsleg ung, arbeidsfør kurdisk mann bli vist til KRI sjølv utan nettverk. UNE har òg vist barnefamiliar og personar med helseutfordringar til internflukt i KRI. Dei momenta UNHCR viser til i retningslinjene sine, inngår likevel i den individuelle vurderinga UNE gjer.

Libya

UNHCR rår i «Position on returns to Libya - Update II» (2018) frå tvangsretur til nokre delar av landet. UNE har ikkje nokon etablert praksis. I 2019 blei det vurdert om tryggleikssituasjonen i Tripoli og omland var til hinder for retur i sju saker som var avgjorde i nemndmøte. Utfallet i sakene varierte med individuelle opplysningar som var lagde fram, og med tryggleikssituasjonen på tidspunktet for avgjerda.

Venezuela

I «Guidance note on the outflow of Venezuelans» frå mars 2018 og «Guidance note on International Protection Considerations for Venezuelans» frå mai 2019 rådde UNHCR frå å returnere til Venezuela. Praksis for vurderinga av den generelle tryggleikssituasjonen er ikkje avklart. UNE har så langt avgjort under ti saker der retur til Venezuela er tema. I enkelte av sakene er det vist til retur i strid med UNHCR sine tilrådingar.

3.2.12 Prosedyreavdelinga

Avdeling for prosedyre (heretter omtalt som «prosedyreavdelinga») har sidan etableringa 1. november 2017 vore ein eigen og permanent del av UNE. Fram til 4. november 2019 var avdelinga organisert som ein seksjon i Fagavdelinga i UNE, i dag som eiga fagleg uavhengig avdeling under direktøren.

Prosedyreavdelinga består av ein avdelingsleiar som i tillegg er advokat og prinsipal, og sju advokatar/fullmektigar. To av advokatane var i store delar av 2019 i permisjon. For å sikre kapasiteten blei avdelinga i perioden styrkt med to advokatfullmektigar i mellombelse stillingar.

Prosedyreavdelinga skal etter avtale med Regjeringsadvokaten vareta om lag halvparten av UNE sine rettssaker. I 2019 blei avdelinga gitt om lag 60 saker, om lag 46 prosent av UNE sine totalt 126 nye rettssaker. I tillegg blei om lag 30 ankesaker varetakne av advokatane i avdelinga.

Talet er noko lågare enn måлтаlet på 50 prosent av nye rettssaker for prosedyreavdelinga ved inngangen til året. Talet bør sjåast i samanheng med mellom anna ein meir tidkrevjande rettssaksportefølje. Tradisjonelt har om lag 30 prosent av UNE sine rettssaker blitt anka. I 2019 har anketendensen auka til om lag 50 prosent. I tillegg har talet på rettsdagar auka noko, slik at ressursbruken per sak har lege noko høgare enn tradisjonelt. Advokatane i avdelinga har òg vore involverte i fleire rettssaker med prinsipielle og nye problemstillingar. Avdelinga har vidare stilt kompetansen og ressursane sine til rådvelde for at UNE skal kunne etablere ein god fagleg struktur i rettssaksarbeidet etter omorganiseringa i 2019.

Slik UNE vurderer det, fungerer dagens tredeling mellom Regjeringsadvokaten, Prosedyreavdelinga i UNE og Kluge Advokatfirma svært godt, og desse aktørane utfyller kvarandre med nødvendig fleksibilitet og fagleg kompetanse.

3.2.13 Brukarretta kommunikasjon og anna

UNE har i fleire år jobba systematisk med brukarkommunikasjon. Vi har innhenta erfaringar gjennom mellom anna brukarundersøkingar og brukartesting. Deretter har vi brukt desse aktivt i ein kanalstrategi med tekstar skrivne i den einskilde saka (vedtak/brev), standardiserte tekstar frå saksbehandlingssystemet (eMeldinger), publiserte tekstar (une.no) og ei svarteneste for innringjarar.

Klarspråkprisen for staten

UNE blei i mars 2019 tildelt klarspråkprisen for 2018. Prisen blei gitt for eit målretta arbeid over fleire år, og vi vil referere dette frå grunngivinga til juryen: «Det er tydeleg at arbeidet med klarspråk har vore høgt prioritert. Arbeidet er forankra i leiinga, og resultatane kan dokumenterast. Vinnaren har organisert arbeidet godt, og det har ein høg fagleg standard. Nettsidene er enkle og brukarvenlege. Språket på nettstaden er gjennomarbeidd, og video blir brukt på ein god måte. Alle teksttypar har eit klart språk, blant anna har over 60 brevmalar blitt gjennomgått og forenkla. Vinnaren sitt arbeid med klarspråk kan vera ein modell og eit føredøme for andre organ i staten.»

Dei dokumenterte utbetringane som gav oss klarspråkprisen, handla mykje om malarbeid og standardtekstar. Dette arbeidet har vi fortsett med gjennom 2019. Særleg viktig å nemne er korleis vi følgjer opp funn frå ei brukarundersøking som viste at truverdevurderingane våre var utfordrande å forstå. Malane blei då utbetra, mellom anna for å tydeleggjere dei generelle utgangspunkta for bevisvurderinga, kva som er meint med «generelt truverd», og kva som ligg i beviskravet «sannsynlegheitsovervekt». Vi har òg skilt tydelegare mellom omgrepa «ta utgangspunkt i» ei forklaring (utan å ta stilling) og «byggje på» (etter å ha teke stilling).

Mot slutten av året starta vi ei undersøking for å sjå i kva grad vi følgjer vår eigen språkprofil også i fritekstdelen av vedtaka. Resultatet av den undersøkinga vil komme tidleg i 2020.

Svartenesta nærmare saksbehandlinga

I tidlegare brukarundersøkingar har UNE si svarteneste fått mykje ros for å vere vennleg og imøtekommande, men brukarane har samtidig meldt at innhaldet i svara dei får, ikkje er godt nok. Ønsket deira har vore å få snakke med saksbehandlarane når dei ringjer. UNE har heller ikkje vore gode nok til å nyttiggjere seg dei innsiktene svartenesta får gjennom direkte kontakt med brukarane i saksbehandlinga. I den omorganiseringa UNE gjorde i november, inngår ei endring der svartenesta no er i same avdeling som dei saksbehandlarane og nemndleiarane som ser på nye saker som kjem inn. Dette er meint å gi kortare kommunikasjonsveggar mellom saksbehandlinga og dei som oftast snakkar direkte med brukarane.

Nye filmar for barn

Hausten 2019 skjedde det store forbetringar i utlendingsforvaltinga sine nettsider for barn. Det blei då lansert ei rekkje nye filmar. Nokre av desse blei utvikla i eit kjedesamarbeid for den felles nettsida asylbarn.no. Fleire andre filmar blei utvikla til nye barnesider på une.no. Dei nye sidene og filmene kan gi barna hjelp til å forstå, og dei kan òg gi vaksne hjelp til å forklare for barna. Filmene er laga med tanke på barn i alderen 11–13 år, og dei utgjer òg brukartesta for den aldersgruppa. Men dei kan sjølvsagt brukast også av dei som er yngre eller eldre. To av filmene ser vi på som «pratestartarar», gjerne for bruk i skulen. Vidare oppfølging vil komme i form av støttemateriell til filmene til bruk for lærarar og rettleiarar.

Forbetra praksisbase

I 2018 greidde UNE ut behova i samband med ein forbetra offentleg praksisbase. Behova var knytte både til teknisk funksjonalitet og brukartilpassing, kva saker det blei skrive samandrag av, forbetra arbeidsprosess og forbetra innhald i dei anonymiserte samandraga. I 2019 er det gjennomført eit godt og målretta arbeid for å realisere ein slik utbetra praksisbase, og lansering skjer i slutten av januar 2020. Praksisbasen har som sin viktigaste funksjon å dekkje advokatane sine kunnskapsbehov, men han har òg verdi for openheit og innsyn. Journalistar, frivillige organisasjonar, studentar og samfunnsinteresserte enkeltpersonar er òg blant brukarane av basen.

3.2.14 Regjeringa sin dugnad for inkludering (R9)

Rapporteringskrav R9: *UNE skal redegjøre for hvordan rekrutteringsarbeidet har vært innrettet for å nå 5 %- målet og de øvrige målene for inkluderingsdugnaden. Har UNE hatt flere enn fem nyansettelser i rapporteringsperioden, skal andelen som har ned-satt funksjonsevne eller hull i CV-en rapporteres. UNE skal vurdere arbeidet opp mot målene for dugnaden; hva som har vært vellykkede*

tiltak, hva som har vært utfordringer, og hvorfor virksomheten eventuelt ikke har lyktes med å nå målene for dugnaden.

UNE har sidan hausten 2017 vore i omstilling og nedbemanning. Derfor har vi lyst ut svært få stillingar og berre søkt etter kompetanse som har vore kritisk for UNE. I 2019 har vi berre hatt tre offentlege kunngjeringar, med to nyttilsette som resultat. Ingen av desse høyrer til målgruppa.

Vi har likevel sett i gang fleire tiltak for å vareta regjeringa sine mål i rekrutteringsarbeidet vårt. Vi har mellom anna implementert dette:

- Alle leiarar i UNE har blitt gjorde merksame på at inkluderingsdugnaden er eit prioritert satsingsområde som dei må følgje opp konkret i den einskilde rekrutteringsprosessen.
- Kravspesifikasjon/kvalifikasjonskrav og utlysingstekst blir utforma på ein måte som ikkje ekskluderer målgruppa.
- Rettleiande tekst er lagd inn i den elektroniske leiarhandboka til UNE og er tilgjengeleg for leiarar og UNE-tilsette på intranett.
- Oppfordring til målgruppa om å søkje stillingar i UNE er lagd inn i standardingressen til jobbannonsane i UNE.
- HR-avdelinga i UNE sørgjer for at inkluderingsdugnaden blir følgd opp konkret i alle rekrutteringsprosessar, frå utforming av kravspesifikasjon til utveljing av kandidatar til jobbintervju.

Sidan vi har hatt veldig få utlysingar, er det vanskeleg å vurdere effekten av desse tiltaka, altså i kva grad dei har hjelpt oss å nå måla. Vi vil likevel summere opp erfaringane våre så langt slik:

- Generelt er det få søkjarar som opplyser å ha funksjonshemming eller hol i CV-en.
- Ei anna utfordring er å kunne fange opp søkjarar med hol i CV-en på ein enkel måte når søkjarane sjølv ikkje opplyser om det i søknaden. Det elektroniske rekrutteringssystemet vårt (Webcruiter) har per i dag ingen funksjon der personar med hol i CV-en kan huke av for dette. Slik funksjonalitet finst for personar med innvandrarbakgrunn og nedsett funksjonsevne. Dette gjer det noko vanskeleg og tidskrevjande å identifisere personar med hol i CV-en. Dersom søkjaren ikkje skriv tydeleg i søknaden at han/ho har hol i CV-en, må vi gå gjennom alle CV-ane og vurdere kven som kan definerast som søkjar med hol i CV-en. Særleg når det er mange søkjarar, byr dette på ei utfordring.

«Onboarding»

Dei seinare åra har vi ikkje tilsett personar frå målgruppa, og av den grunn er vi ikkje komne så langt i å utarbeide ein praksis/rutine for «onboarding» av personar i målgruppa. Vi har likevel fastsett dette som rutine/praksis:

- Før tilsetjing: I intervjuet skal vi spørje kandidaten korleis vi som arbeidsgivar bør leggje til rette for at han/ho skal kunne fungere optimalt i stillinga.
- Etter tilsetjing: I den første samtalen mellom tilsett og nærmaste leiar skal vi fange opp korleis vi konkret skal leggje til rette for kandidaten.

IV Styring og kontroll i verksemda

Rapporteringskrav R7 i tildelingsbrevet: *UNE skal gi følgende rapportering om styring og kontroll:*

- *Overordnet redegjørelse og vurdering av den interne kontrollen i virksomheten.*
- *En oversikt over gjennomsnittlig ressursbruk per sakstype i rapporteringsåret (asyl, og de ulike typene oppholdssaker). Både gjennomsnittlig antall timeverk til saksbehandling og eventuelle andre utgifter til sakene.*
- *Virksomhetens vurdering av hvor det finnes utfordringer i internkontrollen som departementet bør være kjent med*
- *Omtale av konkrete svakheter som er avdekket, hvilke tiltak som eventuelt er satt i verk og effekten av tiltakene*

4.1 Intern kontroll i verksemda

Det er ikkje avdekt vesentlege avvik i drifta til UNE i 2019. Det blir arbeid kontinuerleg med å utvikle styringssystemet, mellom anna kvalitetskontrollar og annan intern kontroll.

Kvalitetssystemet for saksbehandlinga i UNE

Kvalitetssystemet for saksbehandlinga i UNE er bygd opp for å sikre at vi oppfyller dei krava departementet stiller til internkontroll ved saksavviklinga i UNE. Det viktigaste er at sakene skal halde tilstrekkeleg kvalitet. I tillegg er det viktig å ha klare rutinar for kontinuerleg forbetring. UNE jobbar ut frå prinsippet om at saksbehandlinga skal ha høg kvalitet og sikre rette vedtak i tråd med lov og forskrift. UNE jobbar med kvaliteten i saksbehandlinga langs fleire spor, mellom anna opplæring, praksisgjennomgangar, faglege møteplassar og interne retningslinjer.

UNE har i 2019 følgd opp intervallkontrollane av permanente tiltak og prosessar for kvalitetssikring i tråd med UNE sitt kvalitetsregister med tilhøyrande årshjul. Vår vurdering er at desse kvalitetstiltaka fungerer etter mandatet og det fastsette funksjonsområdet, og at det jamleg blir identifisert punkt å forbetre som blir følgde opp.

UNE har gjennomført to kontrollar i tråd med kvalitetssystemet i 2019, begge stikkprøvekontrollar:

1) Standardtekst i vedtaka: Standardtekstane til UNE blir stadig vidareutvikla og forbetra, både for å sikre at vi bruker eit klart og forståeleg språk overfor brukarane, og for å sikre god kvalitet og effektivitet. Standardtekstane må likevel brukast med fornuft og vere tilpassa saka. Kontrollen som blei gjennomført i 2019, gjekk ut på å samanlikne saksbehandleren sitt utkast til tekst med den endelege avgjerda og å sjå om det var gjort endringar i standardteksten. Det blei kontrollert om bruken av standardtekst var tilpassa saka. Kontrollen avdekte at standardtekstane i all hovudsak er relevante og tilstrekkeleg tilpassa sakene. Det blei funne nokre unntak der det var brukt altfor mykje standardtekst, eller der det var brukt standardtekst som ikkje var relevant eller tilstrekkeleg tilpassa saka. Dette er læringspunkt vi vil jobbe med framover.

2) Bruken av utlendingslova § 78 fjerde ledd: Den andre kontrollen som blei gjennomført i 2019, gjaldt i kva grad UNE følgjer opp utlendingslova § 78 fjerde ledd. Formålet med føresegna er å forenkle saksbehandlinga og bruke mindre tid på å ta stilling til krav om omgjerding som klart ikkje kan føre fram. Sjølv om det har vore ein nedgang i talet på krav om omgjerding i 2019, viser stikkprøvekontrollen at det oftare enn nødvendig er gitt individuell grunngeving. Dette gjeld både i asyl- og opphaldssaker. UNE vil sjå på korleis vi kan effektivisere behandlinga av krav om omgjerding i tida framover.

4.2 Ressursbruk for sakstyper

UNE valde i 2019 å ikkje gjennomføre ei større kartlegging av ressursbruken for ulike sakstyper. Årsaka til dette er omstillingsarbeid og implementering av ny organisering, ny flyt og ny arbeidsmetodikk frå 4.11.2019. UNE vurderer det som meir formålstenleg å gjennomføre ei kartlegging i 2020 etter at ny organisering og saksflyt har sett seg i organisasjonen. I mars og april planlegg vi å gjennomføre ei kartlegging av tidsbruken for årsverka i sekretariatet og å følgje opp med ei kartlegging av ressursar til enkelte sentrale sakstyper. Planen er dermed å kunne rapportere på ein meir utfyllande måte i samanheng med årsrapporten for 2020.

4.3 Samfunnstryggleik (R8)

Rapporteringskrav R8: *UNE skal rapportere om hvordan funn og læringspunkter fra evalueringer etter øvelser og hendelser innenfor samfunnssikkerhetsområdet er identifisert og fulgt opp, jf. Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet (samfunnssikkerhetsinstruksen), fastsatt av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017.*

UNE hadde i perioden enkelte uønskete hendingar på feltet tryggleik og beredskap. Dei spenner frå utilsikta uønskete hendingar som har ført til brannevakueringar, til tilsikta uønskete hendingar som truslar mot tilsette.

Utilsikta hendingar

Når det gjeld utilsikta uønskete hendingar som har ført til brannevakueringar, kan alle knytast til driftsrelaterte aktivitetar i OsloCity kjøpesenter og omfattar mindre tilfelle av røykutvikling. I denne kategorien har UNE hatt éi hending som kan karakteriserast som alvorleg: lekkasje av vatn inn i kontorlokala våre som medførte stenging av kontorlokala éin dag, måndag 05.08.2019. Hendinga blei handtert av UNE sjølv og blei rapportert av direktøren til departementet ved ekspedisjonssjefen søndag 04.08.19. Læringspunkt frå denne hendinga er identifiserte og følgde opp.

Tilsikta hendingar

I kategorien tilsikta uønskete hendingar har det vore tilfelle der klagarar har trua og trakassert enkelttilsette. Kvar avdekt sak er risikovurdert og handtert med bakgrunn i desse vurderingane, og UNE har meldt éi av sakene til politiet som tiltak. Meldinga førte til dom i favør av UNE.

Øvingar

Det blei ikkje gjennomført øvingar i 2019. Planlagd øving i fjerde kvartal 2019 blei utsett til andre kvartal 2020.

UNE planlegg å gjennomføre denne øvinga som ei krise- og beredskapsøving i samarbeid med Nasjonalt utdanningscenter for samfunnstryggleik og beredskap 15.–17.04.20. Øvinga skal trene kriseleiinga og beredskapsorganisasjonen elles i etablert planverk og har som formål å styrkje beredskapen i UNE innanfor krise- og hendingshandtering gjennom trening og øving av beredskapsorganisasjonen. Det er tanken at krise- og beredskapsplanen skal gjennomgåast og reviderast med bakgrunn i eventuelle funn frå øvinga.

4.4 Motverking av arbeidslivskriminalitet (R10)

Rapporteringskrav R10: *UNE skal redegjøre for resultater fra oppfølging av inngåtte kontrakter og hvordan virksomhetens anskaffelser er innrettet for å gjennomføre dette hensynet (jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet rundskriv H-8/17).*

Ved tilbudsprosessar informerer UNE i kunngjeringa eller konkurransegrunnlaget om at kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår. Vidare tek vi inn føresegner som oppfyller krav til lønns- og arbeidsvilkår i kontrakten, og ber leverandørar som deltek i konkurransar, om å signere eit eignerklærings skjema knytt til lønns- og arbeidsvilkår i verksemda deira.

I oppfølginga av kontraktane ser vi særleg på bransjar der risikoen for brot er høg, og gjennomfører kontrollar av arbeidsavtalar og lønnslistar, anten på statusmøte eller skriftleg via e-post. Vi vurderer òg om vi skal utforme ei eiga rutinebeskriving for kontraktsoppfølging som er meir detaljert enn dei som gjeld no.

Vi følgjer Statens innkjøps senter sine rutinar for oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår når det gjeld fellesavtalar.

4.5 Riksrevisjonssaker

UNE fekk ingen merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2018. Revisjonen av rekneskopen for 2019 blir gjennomført i februar 2020, og revisjonsrapport for 2019 får vi i mai 2020.

V. Vurdering av framtidssiktene

I løpet av 2020 vil vi igjen rekruttere til nokre stillingar for å stabilisere og justere bemanninga ut frå kompetansebehovet i UNE etter nedbemanning gjennom to år. Situasjonen er framleis usikker når det gjeld saksinngang og migrasjonsmønster, og rekrutteringa vil derfor vere forsiktig og reelt grunnlagt i behov som ikkje kan dekkjast gjennom kompetanseheving hos dagens medarbeidarar.

Auka samarbeid i kjeda stiller krav både til teknologi og godt samarbeid. Målet er gode arbeidsprosessar og brukarretta tenester. UNE er ikkje tilstrekkeleg finansiert for ei teknologisk utvikling som varetek våre eigne behov og samtidig set oss i stand til å vere ein god aktør i kjeda. Eit tettare samarbeid med UDI er derfor heilt påkravd. Departementet har bedt UDI om, i samarbeid med UNE og i tett dialog med andre aktørar på utlendingsfeltet, å greie ut eit godt grunnlag for vidare digital og utvikling på utlendingsfeltet. Dette er, slik eg ser det, ei nødvendig og ønskt utvikling for å sikre stabil og effektiv drift, handtere framtidig utvikling av regelverk, sikre modernisering og automatisering og bidra til sikker ID-handtering.

I 2020 vil det naturleg nok bli gjort enkelte justeringar i den avgjorde saksflytmetodikken etter kvart som verksemda vinn erfaring med å arbeide meir brukarretta og på tvers i verksemda i fleksible lag. Det kan også framleis vere aktuelt med endringar i organisasjonskartet, særleg med tanke på å finne denne beste organiseringa av fellesfunksjonar, slik at saksbehandlingsflyten blir støtta på best mogleg vis. Endringar i slik storleik som vi no gjennomfører, føreset kulturendring og prøving og feiling. I 2020 vil vi få inn ei ikkje ubetydeleg mengd klagesaker som skal behandlast i nemndmøte med personleg frammøte. Det har bakgrunn i ei lovendring som gjeld behandlinga av klagar på tilbakekall av statsborgarskap. Denne saksporteføljen har vore sett på vent i utlendingskjeda sidan hausten 2017. Dersom desse sakene kjem frå UDI i det omfanget og på den tida UDI sjølv ser for seg, vil vi få ei kjærkommen moglegheit til å teste ut den nye saksflyten vår i noko omfang.

Oslo 28.2.2020



Ingunn-Sofie Aursnes

direktør

VI. Årsrekneskap

6.1 Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen 2019

Formål

UNE blei oppretta i 2001 og er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet (JD). UNE er ein del av ei utlendingsforvaltning som består av UD, PU, UDI, UNE og IMDI. UNE si rolle i kjeda er klagesaksbehandling. Nemnda er eit ordinært statleg forvaltingsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjier del VI i årsrapporten.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-8/2019 frå Finansdepartementet, og krav frå JD i verksemdsinstruksen for Utlendingsnemnda. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av UNE sine disponible tildelingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigendel og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2019 har UNE disponert ei samla tildeling på 299 776 000 kroner. For post 01 disponerte UNE 290 395 000 kroner, inkludert overførte midlar frå 2018 på 8 651 000 kroner. Mindreutgift for post 01 driftsutgifter blei 15 150 677 kroner medrekna midlar frå offentlege refusjonar. Desse svarte til 5,2 prosent av tildelinga. Av dette søker vi om å få 14 087 000 kroner (5 prosent) overført til neste år på post 01 i tråd med utrekningar i note B til årsrekneskapen.

På post 21 har UNE hatt ei disponert tildeling på 9 381 000 kroner. Det blei til saman utbetalt 7 702 120 kroner, noko som gir ei mindreutgift på 1 678 880 kroner. Desse svarte til 17,9 prosent av tildelinga. Av dette søker vi om å få 444 000 kroner (5 prosent) overført til neste år på post 21 i tråd med utrekningar i note B til årsrekneskapen.

Utbetalingar til lønn og sosiale utgifter samla på post 01 og 21 blir til saman 191 892 047 kroner, mot 231 860 726 kroner i 2018. Dette tilsvara ein reduksjon på 39 68 679 kroner, jf. note 2 til artskontorrapporteringa. Dette skuldast først og fremst redusert tal på årsverk i tråd med mindre behov for saksbehandlingskapasitet.

Lønnsdel av driftsutgiftene (ekskludert investerings- og finansutgifter) er 69 prosent, ein nedgang på 5 prosent frå 2018.

Det blei i 2019 utbetalt 6 221 402 kroner til ulike investeringar som er finansiert ved bruk av post 01. Investeringane er hovudsakleg knytte til innkjøp av PC-ar, serverar m.m. og programvarelisensar. Husleige og vakthald utgjorde 46 393 703 kroner, tilsvarande 16 prosent av driftsutgiftene. Kjøp av framande (eksterne) tenester medrekna konsulenttenester har utgjort 19 769 086 kroner i 2019, og er dermed 7 prosent av samla utgifter. Dette er 2 prosent høgare del enn i 2018. Av dette utgjier 13 541 661 kroner (68 prosent) kjøp av konsulenttenester knytte til IKT-utvikling. Vi viser elles til note 3 til artskontorrapporteringa når det gjeld detaljar ved utbetalingar til drift.

Mellomverande med statskassa utgjorde 6 225 597 kroner per 31.12.2019. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld som utgjier det mellomverande.

Tilleggsopplysninger

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for UNE. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsmeldinga er forventa å vere klar i løpet av andre kvartal 2020. Revisjonsmeldinga er ikkje offentleg før Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på UNE sine nettsider så snart dokumentet er offentleg.

Oslo 28.2.2020



Ingunn-Sofie Aursnes

Direktør

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for UNE er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer fastsette i føresegner om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i tråd med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2016 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av tildelingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto sum
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av tildelings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsregnskapet» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt statens konsernkontoordning i Noregs Bank i tråd med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årsslutt blir saldoen nullstilt på den einskilde oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Tildelingsrapporteringa

Oppstillinga av tildelingsrapporteringa omfattar ein øvre del med tildelingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Tildelingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i tildelingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen for samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i staten sin kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittelet til ei anna verksemd eller ein annan post (belastingsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til tildelingsoppstillinga. Utgiftene i samband med mottekne belastingsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har motteke belastingsfullmakta, og blir derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Desse fullmaktene kjem fram i note B til tildelingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser

eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapport til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

I note 2 er årsverkstala utrekna etter ny rapport for utførte årsverk definert av DFØ (jf. kundenotat 8/2020 frå DFØ). I tala er sjukefråvær trekt frå. Dette er ikkje tilfelle for andre årsverkstal i årsrapporten.

Vedlegg 1 til UNEs årsrapport for 2019 – oppstilling av tildelingsrapportering og artskontorrapportering

Virksomhet: DU - Utlendingsnemnda
 Rapport kjørt: 23.01.2020

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2019

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Postekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2019	Merutgift (-) og mindreutgift
0491	Utlendingsnemnda	01	Driftsutgifter	A/B	290 395 000	275 244 323	15 150 677
0491	Utlendingsnemnda	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling	A/B	9 381 000	7 702 120	1 678 880
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	10 700 499	
<i>Sum utgiftsført</i>					299 776 000	293 646 943	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Postekst	Samlet tildeling*	Regnskap 2019	Merinntekt og mindreinntekt (-)
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ynse	0	303 600	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift	0	23 449 209	
<i>Sum inntektsført</i>					0	23 752 809
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet					269 894 134	
Kapitalkontoer						
600-48801	Norges Bank KK /innbetalinger				15 507 555	
600-48802	Norges Bank KK/utbetalinger				-286 796 720	
705011	Endring i mellomværende med statskassen				1 395 031	
<i>Sum rapportert</i>					0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)				31.12.2019	31.12.2018	Endring
705011	Mellomværende med statskassen			-6 225 597	-7 620 628	1 395 031

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjelder både for utgiftskapitel og inntektskapitel). Se note B *Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år* for nærmere forklaring.

Virksomhet: DU - Utlendingsnemda

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
49 101	8 651 000	281 744 000	290 395 000
49 121	511 000	8 870 000	9 381 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte bekastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Ondisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnleg for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
49 101	"kan nytes under post 21"	15 150 677		15 150 677				15 150 677	14 087 200	14 087 200
49 121	"kan nytes under post 01"	1 678 880		1 678 880				1 678 880	443 500	443 500

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjetfullmakter

Stikkordet «kan benyttes under»
UNE har fullmakt til å ondisponere midler mellom postene 01 og 21.

Virksomhet: DU - Utlendingsnemda

Oppstilling av artskontorapporteringen 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	1	0	0
Andre innbetalinger	1	0	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	191 892 047	231 860 726
Andre utbetalinger til drift	3	84 831 706	80 460 764
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		276 723 753	312 321 490
Netto rapporterte driftsutgifter		276 723 753	312 321 490
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	6 221 402	5 824 782
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 289	10 636
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		6 222 691	5 835 418
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		6 222 691	5 835 418
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		303 600	388 031
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		23 449 209	28 372 977
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		10 700 499	9 146 145
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-13 052 309	-19 614 862
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		269 894 134	298 542 045

Oversikt over mellomværende med statskassen **

	2019	2018
Eiendeler og gjeld		
Fordringer	178 590	346 201
Kontanter	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-6 388 307	-7 954 431
Skyldige offentlige avgifter	-24 052	-17 394
Annen gjeld	8 173	4 997
Sum mellomværende med statskassen	8	-7 620 628

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Noter³:

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2019	31.12.2018
Lønn	155 697 833	190 669 626
Arbeidsgiveravgift	23 449 209	28 372 977
Pensjonsutgifter*	17 563 790	20 302 821
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-10 550 765	-13 961 822
Andre ytelser	5 731 980	6 477 125
Sum utbetalinger til lønn	191 892 047	231 860 726
Antall utførte årsverk:	206	244

* Nærmere om pensjonskostnader

Pensjoner kostnadsføres i resultatregnskapet basert på faktisk påløpt premie for regnskapsåret. Premiesats for 2019 er 14,0 prosent - fordelt med 12,0 prosent arbeidsgiverandel og 2,0 prosent medlemsinnskudd. Premiesatsen for 2018 var 14,0 prosent - fordelt på samme måte som for 2019.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Husleie	41 309 379	41 038 638
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	165 007	345 034
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	8 586 601	7 698 722
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	811 117	359 838
Mindre utstyrsanskaffelser	261 439	287 163
Leie av maskiner, inventar og lignende	3 245 972	2 777 910
Kjøp av konsulenttenester	17 140 876	13 251 305
Kjøp av fremmede tjenester	2 628 210	2 942 620
Reiser og diett	2 049 737	2 340 967
Øvrige driftsutgifter	8 633 367	9 418 567
Sum andre utbetalinger til drift	84 831 706	80 460 764

*Fra og med 2019 presenteres konsulenttenester og andre fremmede tjenester separat. I sammenligningstallene for 2018 er kjøp av fremmede tjenester presentert samlet på notelinjen kjøp av fremmede tjenester.

³ Note 1 Innbetalinger fra drift, note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer fra staten og note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten er ikke tatt med, da de ikke er aktuelle for UNE.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 289	10 636
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	1 289	10 636

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	1 235 599	1 946 232
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	4 985 803	3 878 549
Sum utbetaling til investeringer	6 221 402	5 824 782

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2019	31.12.2019	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	178 590	178 590	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	178 590	178 590	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-969 842	0	-969 842
Skyldig skattetrekk	-6 388 307	-6 388 307	0
Skyldige offentlige avgifter	-24 052	-24 052	0
Annen kortsiktig gjeld	8 173	8 173	0
<i>Sum</i>	-7 374 029	-6 404 187	-969 842
Sum	-7 195 439	-6 225 597	-969 842


Vedlegg 2 til UNEs årsrapport for 2019 - Statistikkrapportering jf. tildelingsbrevet pkt. 9.1

1. Produserte vekttall og vekttallskostnad

	2017	2018	2019
Antall produserte vekttall	4 300,9	2 827,0	2 072,3
Gj.snitt utgift per vekttall	75 338	110 478	133 537

Tabell 1: Vekttallskostnad

2. Avgjørelsesform



Figur 1: Behandlede saker fordelt etter avgjørelsesform 2017-2019


	Avgj. form	2017	2018	2019
Asylsaker	NMP	6 %	8 %	8 %
	NUP	1 %	2 %	3 %
	NL	57 %	65 %	70 %
	SEK	36 %	25 %	19 %
Oppholds-saker	NMP	1 %	1 %	1 %
	NUP	1 %	1 %	1 %
	NL	60 %	51 %	72 %
	SEK	38 %	47 %	26 %

Tabell 2: Behandlede saker fordelt etter sakskategori og avgjørelsesform 2017-2019

Andelen saker som ble avgjort i sekretariatet gikk ned i 2019 sammenlignet med både 2018 og 2017, både for asyl- og oppholdssaker. Dette har blant annet å gjøre med at andelen behandlede omgjøringsanmodninger var lavere i 2019.

3. Andel omgjorte

Andel omgjorte per sakskategori og avgjørelsesform:




Figur 2: Andel omgjorte saker per avgjørelsesform 2017-2019

	Avgjørelsesform	Andel omgjort 2017	Andel omgjort 2018	Andel omgjort 2019
Asylsaker	Nemndmøte med pers fremmøte	60 %	55 %	61 %
	Nemndmøte uten pers fremmøte	67,5 %	69 %	52 %
	Nemndleder	7,5 %	7 %	12,5 %
	Sekretariatet	0,2 %	0,5 %	0,5 %
	Sum Asylsaker	9 %	10,5 %	15,5 %
Oppholdssaker	Nemndmøte med pers fremmøte	62,5 %	47 %	67 %
	Nemndmøte uten pers fremmøte	52,5 %	69 %	76,5 %
	Nemndleder	11,5 %	13,5 %	11,5 %
	Sekretariatet	3 %	2,5 %	1,5 %
	Sum oppholdssaker	9 %	9 %	10 %
Totalt	9 %	9,5 %	11,5 %	

Tabell 3: Andel omgjorte saker per sakskategori og avgjørelsesform 2017-2019

4. Antall tillatelser gitt med begrensinger


Antall tillatelser gitt med begrensninger fordelt på ikke-dokumentert identitet, enslige mindreårige 16-18 år, jf. Utl § 38 femte ledd, utf § 8-12 og utf § 8-8.



Figur 3: Antall tillatelser gitt med begrensninger i asylsaker 2017-2019

Selv om andelen omgjorte vedtak var høy i asylsakene, ga UNE et lavere antall tillatelser i 2019 enn de foregående årene. Antallet tillatelser gitt jf utl § 38 var også lavere, som igjen påvirker antallet tillatelser gitt med begrensninger.

5. Antall saker og saksbehandlingstid i utvisningssaker for personer som er ilagt straff, og som er borger av et land som har ratifisert tilleggsprotokollen til den europeiske overføringskonvensjonen



Figur 4: Antall saker behandlet og saksbehandlingstid 2017-2019

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for klagesakene var 31 dager i 2019. En sak ble omgjort. I tillegg ble det behandlet 7 omgjøringsanmodninger.

6. Antall saker og utfall i utvisningssaker hvor utlendingen er straffet for overtredelse av straffeloven § 257 og § 391a, jf. instruks GI-02/2013 til UDI

År	2017	2018	2019
Behandlet	8	0	8


Tabell 4: Antall saker behandlet 2017-2019

7. Tilbakekallssaker

UNE mottok i 2019 totalt 329 saker der UDI hadde fattet vedtak jf utl §§ 37 eller 63, eller sbl § 26.


UNE behandlet totalt 270 saker.

Sakene fordelte seg slik på hjemler:





Figur 5: Innkomne og behandlede tilbakekallssaker, per hjemmel

Saken som gjaldt sbl § 26 annet ledd var en anmodning om omgjøring. Klager og omgjøringsanmodninger fordelte seg ellers slik:




Figur 6: Innkomne og behandlede tilbakekallssaker, forelt på klager og omgjøringsanmodninger

Sakene fordelte seg slik på nasjonaliteter:



Figur 7: hhv innkomne og behandlede tilbakekallssaker, per hjemmel og nasjonalitet

61 saker ble omgjort helt eller delvis, hvorav 9 var omgjøringsanmodninger:




Figur 8: Omgjorte tilbakekallssaker, per hjemmel

8. Antall saker behandlet etter forvaltningslovens § 36

UNE ferdigbehandlet i 2019 225 saker etter forvaltningslovens § 36 om dekning av saksomkostninger. I 2018 var dette tallet 278.

UNEs regnskapførte utbetainger over post 21 i statsbudsjettet ifm. disse sakene var på 3 332 267 kroner, og gjaldt 146 forskjellige utbetalinger etter §36 i 2019, samt et tilfelle av dekning av saksomkostninger etter inngått forlik i tingretten. Til sammenligning ble det i 2018 utbetalt 3 687 971 vedrørende 170 saker og i 2017 3 328 501 kroner vedrørende 199 saker.



Figur 9: Behandlede saker jf. fvl § 36, og saksbehandlingstid

9. Rettsaker

Hovedtrekk

	2016	2017	2018	2019
Tap	25	20	29	21
Medhold	82	74	78	70
Sum	107	94	107	91
Andel medhold	77 %	78 %	73%	77%

Tabell 5: Rettskraftige avgjørelser 2016-2019

Nye rettssaker

Hittil per dato	2016	2017	2018	2019
Stevninger til tingretten/byfogden	146	168	153	119*
Anker til lagmannsretten	55	50	51	57
Anker til Høyesterett	15	9	22	13
Totalt	216	227	226	189

Tabell 6: Nye rettssaker fordelt på instans 2016-2019.

*Antallet stevninger vil være 126 dersom man regner med stevninger til byfogden i saker der det også foreligger en stevning til tingretten.

Rettsavgjørelser (alle, ikke bare rettskraftige)

Tabellen viser alle avgjørelser uavhengig av rettskraft.⁴ Det kan derfor være flere avgjørelser som gjelder samme sak i flere instanser.

2019	Hevet/avvist	Tapt	Medhold	Sum for instans
Byfogden	10	1	7	18
Tingretten	20	29	74	123
Lagmannsretten	16	8	31	55
Høyesterett/ Ankeutvalget	19	0	2	*22
Sum etter utfall	65	38	114	218

Tabell 7: Rettsavgjørelser i 2019 uavhengig av rettskraft.

*Inkluderer én sak hvor Høyesterett opphevet lagmannsrettens dom.

Rettsaksarbeid

Hittil per dato	2016	2017	2018	2019
Antall hovedforhandlinger	175	169	143	150
Antall dager i retten	366	360	331	360

Tabell 8: Rettsaksarbeid 2016-2019